



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

# Prop. 106 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringer i lov om avleveringsplikt  
for allment tilgjengelege dokument  
(innsamling av digitale dokument m.m.)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	5	6.6	Synet til høyringsinstansane .....	26
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for lovforslaget</b> ....	7	6.7	Vurderinga til departementet .....	28
2.1	Innleiing .....	7	6.7.1	Avlevering eller innsamling .....	29
2.2	Digitalt materiale som forskingskjelder .....	7	6.7.2	Søkjemotorimmunisering .....	30
2.3	Personvern ved pliktavlevering av nettdokument .....	8	6.7.3	Passordverna sider .....	31
2.4	Høringa .....	8	6.7.4	Anonymisering, forholdet til menneskerettane og «the chilling effect» .....	31
<b>3</b>	<b>Definisjon av omgrepet «dokument»</b> .....	12	6.8	Forslag frå departementet .....	33
3.1	Bakgrunn .....	12	<b>7</b>	<b>Avgrensingar i lagringsretten, klausulering og sletting av digitalt materiale i nettarkivet</b> ..	35
3.2	Gjeldande rett .....	12	7.1	Bakgrunn og gjeldande rett .....	35
3.3	Høringa .....	12	7.2	Høringa .....	35
3.4	Synet til høyringsinstansane .....	12	7.3	Høyringsinstansane .....	35
3.5	Vurdering og forslag frå departementet .....	12	7.4	Vurderinga til departementet .....	37
<b>4</b>	<b>Avlevering og bruk av digitalt grunnlagsmateriale</b> .....	14	7.5	Forslag frå departementet .....	39
4.1	Bakgrunn .....	14	<b>8</b>	<b>Tilgang til nettarkivet</b> .....	40
4.2	Gjeldande rett .....	14	8.1	Bakgrunn .....	40
4.3	Høringa .....	14	8.2	Gjeldande rett .....	40
4.4	Høyringssvar .....	15	8.3	Høringa .....	40
4.5	Vurderingar og forslag frå departementet .....	17	8.4	Høyringsinstansane .....	40
<b>5</b>	<b>Talet på avleveringseksemplar</b> ..	18	8.5	Vurdering og forslag frå departementet .....	40
5.1	Bakgrunn og gjeldande rett .....	18	<b>9</b>	<b>Informasjonsplikt og retten til tilsvar</b> .....	42
5.2	Høringa .....	18	<b>10</b>	<b>Kringkasting</b> .....	43
5.3	Høyringsinstansane .....	18	10.1	Bakgrunn .....	43
5.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	19	10.2	Gjeldande rett .....	43
<b>6</b>	<b>Innsamling av nettdokument</b> ..	20	10.3	Høringa .....	43
6.1	Bakgrunn .....	20	10.4	Høyringsinstansane .....	43
6.2	Kartlegging av materiale på Internett .....	21	10.5	Vurdering og forslag frå departementet .....	43
6.3	Gjeldande rett .....	21	<b>11</b>	<b>Språkbanken</b> .....	45
6.4	Innsamling av nettdokument i andre land .....	22	<b>12</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	46
6.4.1	Innleiing .....	22	<b>13</b>	<b>Merknader til paragrafane i lovforslaget</b> .....	47
6.4.2	Danmark .....	23			
6.4.3	Island .....	24			
6.4.4	Sverige .....	24			
6.4.5	Finland .....	25			
6.4.6	Andre land .....	25			
6.5	Høringa .....	26			
				<b>Forslag til lov om endringar i lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (innsamling av digitale dokument m.m.)</b> .....	50





DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

# Prop. 106 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

## Endringar i lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (innsamling av digitale dokument m.m.)

*Tilråding frå Kulturdepartementet 17. april 2015,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kulturdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 9. juni 1989 nr. 32 om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument.

Pliktavlevering er eit lovpålagt krav til alle utgivarar, trykkjeri, produsentar og importørar av dokument om å levere frå seg eksemplar av alt materiale som er gjort tilgjengeleg for allmenta, til Nasjonalbiblioteket til bevaring og bruk som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.

Formålet med revisjonen er å klargjere plikta til å avlevere allment tilgjengelege dokument utan omsyn til kva medium dokumenta er gjorde tilgjengelege i. Både fysisk og digitalt materiale er avleveringspliktig og skal behandlast likt, så langt det er formålstenleg. Det er viktig at dei same vilkåra og prinsippa blir lagde til grunn for avlevering, automatisert innsamling (hausting) og bevaring av alle medietypar.

I dag digitaliserer Nasjonalbiblioteket store delar av samlinga av sikrings- og konserveringsomsyn. Dette vil kunne gjerast meir kost-

nadseffektivt dersom Nasjonalbiblioteket kan få levert det digitale grunnlagsmaterialet saman med utgivingsformatet. Departementet foreslår derfor å påleggje utgivaren å levere frå seg det digitale grunnlagsdokumentet saman med utgivingsformatet. Departementet understrekar samtidig at bruken av dette materialet skal regulerast i forskrift, og at bruken skal vere innanfor dei rammene som blir sette av internasjonale konvensjonar. Dette er behandla nærare i kapittel 4.

Departementet foreslår også ein heimel som gir Nasjonalbiblioteket rett til automatisert innsamling (hausting) av digitale, internetbaserte dokument. Sidan ein slik innsamlingsrett kan reise særlege utfordringar for personvernet, er trygginga av personvernet behandla særskilt. Omsyn til kulturvernet tilseier at det er viktig å ta vare på mest mogleg materiale. Samtidig er det eit viktig personvernprinsipp at kvar enkelt har rett til kontroll over eigne personopplysningar. Det har derfor vore viktig å sikre personvernet gjen-

nom å foreslå ein særskild heimel for bevaring. Av personvernomsyn er det også foreslått strengare reglar for tilgang til nettarkivet enn dei som gjeld for anna pliktavlevert materiale. Forslaget sikrar at bevaringa av informasjonen blir gjort med så få inngrep i personvernet til kvar enkelt som mogleg. Dette er behandla nærare i kapitla 6, 7 og 8.

Det er særlege utfordringar knytte til personvernet for barn i samband med den auka aktiviteten deira på Internett. Ein bør derfor ta ekstra omsyn til personvernet for barn når ein samlar inn materiale frå nettsider. Inngrepet i personvernet til den enkelte blir mindre dersom høvet til klausulering og sletting blir utvida. Dette er behandla nærare i kapittel 7.

#### *Endringsforslaget inneber:*

Det blir slått fast at både fysiske og digitale dokument skal avleverast. Utgivar eller produsent blir pålagt å avlevere det digitale grunnlagsmaterialet for dokumentet, i tillegg til utgivingsmediet.

Nasjonalbiblioteket får heimel til å gjere ei automatisk innsamling (hauste) av norsk materiale som er gjort allment tilgjengeleg på Internett.

Desse tiltaka er foreslått for å sikre personvernomsyn ved innsamling av nettdokument:

- Nasjonalbiblioteket skal informere om innsamling av nettmateriale både før og under sjølve innsamlinga.
- Passordverna sider som ikkje er allment tilgjengelege, skal ikkje avleverast.
- Informasjon på passordverna sider som er allment tilgjengelege ved at alle kan få tilgang til dei gjennom registrering eller betaling, skal avleverast i den grad dei ville vore omfatta av avleveringsplikta om dei vert gitte ut i anna format.
- Det blir gitt avgrensa tilgang til dei delane av nettarkivet som vil kunne innehalde personsensitivt materiale.
- Den personopplysningane gjeld, vil kunne be Nasjonalbiblioteket om å søkje etter eigne personlege opplysningar, for så å kunne søkje Nasjonalbiblioteket om å få merknad hefta til dokumentet, eller om at opplysningane blir klausulerte eller i nokre tilfelle sletta.
- Informasjon som er lagd ut av privatpersonar under 18 år, eller som omhandlar personar under verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne, kan ein krevje klausulert og i somme tilfelle sletta.
- Personopplysningar som det aldri har vore meininga å gjere tilgjengelege for allmenta, eller som er lagde ut av tredjemann og ikkje er gjorde alminneleg kjende av den personopplysningane gjeld, kan ein krevje klausulerte eller sletta.
- Ein person som har gjort allment tilgjengeleg personopplysningar om seg sjølv, kan krevje at personopplysningane blir klausulerte eller sletta dersom det vil medføre ei vesentleg ulempe at informasjonen blir oppbevart til forskingsformål.
- Departementet foreslår at det skal opprettast ei særskild nemnd som skal behandle avslag på søknad om klausulering eller sletting.

Definisjonen av omgrepet dokument blir foreslått endra slik at han blir tilsvarande som for dokumentomgrepet i mellom anna arkivlov, forvaltningslov og offentleglov.

Departementet foreslår å fjerne konsesjonskravet som vilkår for pliktavlevering av kringkasting.

## 2 Bakgrunnen for lovforslaget

### 2.1 Innleiing

---

Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument blei vedteken 9. juni 1989, femti år etter at den førre pliktavleveringslova blei vedteken i 1939. Til grunn for den nye lova frå 1989 låg NOU 1984: 3 *Frå informasjon til kulturarv*.

Pliktavleveringslova har ikkje vore revidert sidan ho tok til å gjelde 1. juli 1990. Den digitale utviklinga dei siste tjuefem åra har reist fleire problemstillingar som har skapt eit behov for oppdatering av lov og forskrift. Fleire land, både i og utanfor EØS-området, har revidert sine regelverk om pliktavlevering i løpet av dei siste åra, mellom anna for å få ei betre regulering av pliktavlevering av digitale dokument.

Den teknologiske utviklinga inneber at det for innsamling av nettdokument er eit særskilt behov for å vurdere nærare forholdet mellom personvernomsyn og kulturvernomsyn. Både Datatilsynet, Personvernemnda og Personvernkommisjonen har peikt på dette.

I NOU 2009: 1 *Individ og integritet* side 119 omtaler Personvernkommisjonen pliktavlevering av elektronisk materiale:

Personvernkommisjonen mener at Nasjonalbibliotekets tilnærming til elektronisk pliktavlevering, der et elektronisk dokument som blir gjort offentlig tilgjengelig på Verdensveven automatisk blir lastet ned og arkivert, bør diskuteres. Lovhjemmelen bør gjennomgås og avlevering av alle elektroniske dokumenter fra nettet bør reguleres i lov eller eventuelt i forskrift. Det bør foretas en utredning av hvordan dette skal skje og hvilke elektroniske dokumenter det skal avgrenses mot, samt hvordan dette skal gjøres.

Både Datatilsynet og Personvernemnda har gitt uttrykk for at lovgivaren bør gjere ei vurdering av kva omsyn som skal liggje til grunn for ei permanent ordning for pliktavlevering av nettdokument.

### 2.2 Digitalt materiale som forskingskilder

---

Digital kommunikasjon blir no brukt på alle kunnskapsfelt og i alle delar av samfunnet. Norsk kulturarv blir formidla i stadig nye format og gjennom nye kanalar. I dag skjer publisering og formidling i aukande grad i digital form. Mange aktivitetar er flytta til Internett, og mange nye har oppstått. Døme på dette er elektronisk administrasjon, digital kunst, nettpublikasjonar, elektroniske læremiddel, dataspel, elektronisk handel, virtuelle utstillingar og digitale bibliotek.

Stadig meir av den skriftlege kommunikasjonen skjer digitalt. Det som før blei utgitt på papir, blir no utgitt både på papir og i digitalt format, men i mange tilfelle berre digitalt. Aldri har spennvidda i uttrykksformer og -format vore større enn ho er no, og aldri har fleire vore med på å gjere dokument allment tilgjengelege. Internett bidreg til å sikre at dei som vil, faktisk kan kome til orde. Døme på dette er bloggar og nye offentlege møteplassar for diskusjon og samtale. Ein kan hevde at digital publisering representerer ei demokratisering av den offentlege samtalen ved at folk flest i mykje større grad enn før kan kome til orde og kome fram med synspunkta sine.

Digitalt materiale er verdifullt kjeldemateriale, både når det gjeld den digitale utviklinga i seg sjølv, korleis denne har påverka kommunikasjonsformene og uttrykksmåtane våre, og ikkje minst når det gjeld innhaldet i det som blir formidla digitalt. Derfor er også resultatet av denne kommunikasjonsforma viktig å bevare for ettertida. Ei pliktavlevering som også omfattar innsamling og avlevering av digitalt materiale, er nødvendig for å kunne dokumentere samtida og samfunnsutviklinga vår. Systematisk innsamling av digitalt materiale vil gi eit breiare og meir representativt vitnemål om det norske samfunnet, og ei slik brei innsamling fører til at det nasjonale minnet vil omfatta eit større mangfald av dei stemmene som har vore med og påverka samtida. Dette er eit viktig moment som taler for bevaring av ytringar som ligg ope tilgjengelege for allmenta. Historia viser dessutan at det som kan synast trivielt i dag, blir

verdifull kulturarv i framtida. Frå eit forskingsperspektiv kan ein ikkje berre byggje på ei vurdering i dag av kva som vil vere historisk interessant i framtida.

Den digitale revolusjonen var i sin første fase i slutten av 1980-åra da gjeldande lov om avleveringsplikt blei førebudd, og bevaringsverdien av digitale dokument blei anerkjend allereie da. Det følgjer av gjeldande pliktavleveringslov § 4 og kapittel 9 i forskrifta at både EDB-dokument i fysisk format og dokument som er gjorde tilgjengelege ved direktekopling gjennom tele-, fjernsyns- og datanett, skal avleverast. EDB-dokument som er tilgjengelege ved direktekopling, skal i samsvar med forskrifta § 30 andre ledd avleverast på konkret oppmoding. Internett var ikkje i allmenn bruk da pliktavleveringslova tredde i kraft,<sup>1</sup> og den typen digital lagring som blei brukt på det tidspunktet, gjorde det nødvendig å avlevere fleire eksemplar av same dokument. I dag har vi ein teknologi som gir allmenta tilgang til nettpublikasjonar på ein heilt annan måte enn før Internett blei allemannseige. Dette fordrar ein ny gjennomgang av pliktavlevering av dette materialet. Departementet meiner at det er nødvendig å oppdatere gjeldande forskriftsføresegner knytte til «EDB-dokument», både med omsyn til sjøve omgrepet og til korleis avleveringa skal gjerast. Departementet vil konkretisere forslag til endringar om dette i det vidare forskriftsarbeidet.

### 2.3 Personvern ved pliktavlevering av nettdokument

For digitale dokument frå Internett (nettdokument) er avleveringsplikt slik ho blir gjennomført for fysiske og digitalt avslutta dokument, ein upraktisk innsamlingsmetode både for Nasjonalbiblioteket og domeneeigaren.<sup>2</sup> Derfor er det nødvendig å heimle ein rett til å samle inn nettdokument og presisere kva reglar som skal gjelde for lagring av og tilgang til dette arkivet.

Eit viktig formål med lovrevisjonen er både å avklare personvernsidene ved pliktavlevering av digitalt nettmateriale og å svare på bestillinga frå Personvernkommissjonen og merknadene frå Personvernemnda.

Omsyna som ligg til grunn for ordninga med pliktavlevering av allment tilgjengeleg materiale, gjer seg gjeldande også for digitalt skapt materi-

ale, men dei teknologiske endringane og dei nye kommunikasjonsformene over Internett skaper nye utfordringar for personvernet. Den informasjonen som skal samlast inn og lagrast for ettertida, er i utgangspunktet informasjon som allereie er gjort tilgjengeleg for allmenta, som oftast av den registrerte sjølv. Dette er vesensforskjellig frå andre område der personvernet har vore utfordra dei siste åra. Det skal ikkje samlast inn og lagrast informasjon som ikkje har hatt som formål å vere allment tilgjengeleg. Likevel ser departementet at det kan vere mykje informasjon om den enkelte som vil bli lagra. Derfor er det behov for strenge reglar for tilgang til informasjonen. God tryggleik knytt til lagringa av materialet vil også vere viktig.

### 2.4 Høyringa

Kulturdepartementet sende forslag til endringar i pliktavleveringslova på brei høyring 10. desember 2012, med høyringsfrist 25. januar 2013.

Formålet med forslaget var å klargjere at lova heimlar pliktavlevering av både fysiske og digitale dokument, uavhengig av publiseringsmåte. Det vil seie at lova er medienøytral og gjeld uansett kva medium dokumenta er gjorde tilgjengelege i. I tråd med desse prinsippa blei det i høyringsnotatet foreslått å oppdatere omgrepsbruken i lova. Det blei foreslått at utgivaren/produsenten skal påleggjast å avlevere det digitale grunnlagsmaterialet for dokumentet, i tillegg til utgivingsmediet. Vidare blei det skissert to alternativ når det gjaldt kor mange eksemplar av papirdokumenta som skulle avleverast, og korleis desse eksemplara skulle forvaltast.

Høyringsnotatet foreslo også at Nasjonalbiblioteket skal få heimel til å samle inn norsk materiale som er gjort allment tilgjengeleg på Internett. På bakgrunn av personvernspørsmåla som reiser seg ved innsamling og arkivering av nettsider, blei det i høyringsnotatet drøfta kva som ligg i at eit dokument er allment tilgjengeleg, og korleis dette vilkåret skal forståast spesielt for nettdokument. For å sikre personvernomsyn ved automatisk innsamling av nettdokument blei det dessutan foreslått ei rad tiltak knytte til sikring, tilgangsgrensing og klausulering/sletting.

Høyringsnotatet foreslo også å fjerne konsekvenskravet som vilkår for pliktavlevering av kringkasting. Det blei også foreslått ei mindre endring i definisjonen av dokumentomgrepet, slik at dette blir harmonisert med andre lovverk.

I tillegg til lovforslaget blei ein del sentrale forslag til forskriftsendringar omtalte. Dette var vik-

<sup>1</sup> Verdsveven (www) blei teken i bruk først i 1990-åra.

<sup>2</sup> Domeneeigaren er innehavaren av eit registrert domenenamn.



tig for å gi ei god vurdering av dei foreslåtte lovendringane, sjølv om forskriftsendringar ikkje skal faststejast i denne proposisjonen. Dette gjeld både endringar i forskrift til pliktavleveringslova og i forskrift til åndsverklova. Det vil bli sett i gang eit arbeid med forskriftsendringar etter at Stortinget har ferdigbehandla lovforslaga. Forslag til forskriftsendringar vil bli sendt på eiga høyring.

Lovforslaget blei sendt på høyring til:

Departementa  
Fylkesmennene  
Fylkeskommunane  
Kommunane  
Universiteta  
Høgskulane

Abelia  
ALT  
Altibox  
Amnesty International Norge  
Arbeidsforskningsinstituttet AS  
Arbeidsgivarforeininga Spekter  
Arkivverket  
Barneombodet  
Bedriftsforbundet  
BONO – Billedkunst Opphavsrett i Norge  
Brønnøysundregistra  
Civita  
Datatilsynet  
Den Norske Advokatforening  
Den Norske Dataforening  
Den norske Dommerforening  
Den Norske Fagpresses Forening  
Den norske Forfatterforening  
Den norske Forleggerforening  
Den norske legeförening  
Det norske komponistfond  
DIFI – Direktoratet for forvaltning og IKT  
Direktoratet for arbeidstilsynet  
Domstoladministrasjonen  
Elektronisk Forpost Norge  
Finansnæringens Arbeidsgiverforening  
Finansnæringens Hovedorganisasjon  
FolkOrg  
FONO  
Forbrukarombodet  
Forbrukarrådet  
Forbundet Frie Fotografer  
Forskerforbundet  
Forskningsstiftelsen FAFO  
Fribit  
Get  
Grafill – Norske grafiske designere og illustratører  
GRAMART

GRAMO  
Helsedirektoratet  
Hovedorganisasjonen Virke  
ICJ Norge, c/o adv. Jon Wessel-Aas  
IFPI Norge  
IKT Norge  
Institutt for samfunnsforskning  
JURK  
Juss-Buss  
Jussformidlingen i Bergen  
Jusshjelpa i Nord-Norge  
Kabel Norge  
Kopinor  
KS  
Landsorganisasjonen i Noreg (LO)  
Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner  
Lederne  
Mediebedriftenes Landsforening  
Medietilsynet  
Musikernes fellesorganisasjon  
Nasjonalbiblioteket  
Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design  
NAVio  
NextGenTel  
NITO  
NOPA  
Noregs Bank  
Noregs forskingsråd  
Norges Fotografforbund  
Norges Juristforbund  
Norges Rederiforbund  
NorSIS  
Norsk Artistforbund  
Norsk Bibliotekforening  
Norsk Billedhoggerforening  
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening  
Norsk Filmforbund  
Norsk Filmklubbforbund  
Norsk Journalistlag  
Norsk Komponistforening  
Norsk Kritikerlag  
Norsk kulturråd  
Norsk Lokalradioforbund  
Norsk Musikkforleggerforening  
Norsk Oversetterforening  
Norsk Presseforbund  
Norsk Redaktørforening  
Norsk Rockforbund  
Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste  
Norsk Sceneinstruktørforening  
Norsk Skuespillerforbund  
Norsk Videogramforening  
Norske Arkitekters Landsforbund  
Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere

Norske Billedkunstnere	Finansdepartementet
Norske Dansekunstnere	Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Norske Dramatikeres Forbund	Forsvarsdepartementet
Norske film- og TV-produsenters forening	Justis- og beredskapsdepartementet
Norske filmbyråers forening	
Norske Filmregissører	Østfold fylkeskommune
Norske Grafikere	
Norske Kunsthåndverkere	Arkivverket
Norske Reklamefotografer	Datatilsynet
Norske Scenografer	Medietilsynet
Norske Tekstilkunstnere	Nasjonalbiblioteket
NORWACO	Skatteetaten
NRK AS	Statens kartverk
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)	NTNU – Universitetsbiblioteket
Næringslivets Sikkerhetsorganisasjon	Universitetet i Bergen – Universitetsbiblioteket
Næringslivets Sikkerhetsråd	Universitetet i Oslo – Institutt for lingvistik og nordiske studium
P4 Radio Hele Norge	Universitets- og høgskolerådet
Politidirektoratet	Universitetsbiblioteket i Oslo
Post- og teletilsynet	Universitetsbiblioteket i Tromsø
Regjeringsadvokaten	
Riksadvokaten	Advokatforeningen – lovutvalg for IKT og personvern
Riksrevisjonen	Den norske Forfatterforening
Sametinget	Den norske Forleggerforening
Samisk faglitterær forfatter- og oversetterforening	Kopinor
Samisk Kunstnerråd	Landslaget for lokal- og privatarkiv
Samvirkeforetakenes Forhandlingsorganisasjon (SAMFO)	Mediebedriftenes landsforening
SBS Radio Norge AS	Norsk Arkivråd
Sivilombodsmannen	Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere
Skattedirektoratet	Norsk Bibliotekforening
Sparebankforeningen i Norge	Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening
Statens arbeidsmiljøinstitutt STAMI	Norsk Journalistlag
Statens helsetilsyn	Norsk medieforskerlag (NML)
Statens innkrevjingssentral	Norsk oversetterforening
Statistisk sentralbyrå	Norsk Presseforbund
Tegnerforbundet	Norsk Redaktørforening
Teknologirådet	Norske filmregissører (NFR)
Tele2 Norge AS	NORWACO
Telenor	TV 2
TONO	
TV 2 AS	Éin privatperson
TVNorge AS	
Unge Kunstneres Samfund	
Unio	
Universitets- og høgskolerådet	
Utdanningsdirektoratet	Desse instansane hadde ikkje merknader eller støtta forslaget:
Utdanningsforbundet	
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)	
	Arbeidsdepartementet
	Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
	Helse- og omsorgsdepartementet
	Landbruks- og matdepartementet
	Nærings- og handelsdepartementet
	Utanriksdepartementet

Det kom inn 55 høyringssvar. Av desse var 18 utan merknad eller støtta uttrykkeleg forslaget.

Følgjande instansar hadde merknader, som er kommenterte nærare under dei enkelte punkta.

Arbeidstilsynet  
Brønnøysundregistra  
Domstoladministrasjonen  
Noregs Bank  
Politidirektoratet  
Regjeringsadvokaten  
Riksadvokaten  
Statens arbeidsmiljøinstitutt – STAMI

Statens innkrevjingsentral  
Statistisk sentralbyrå

Arbeidsgiverforeningen Spekter  
SAMFO – Arbeidsgiverforeningen for  
samvirkeforetak

## 3 Definisjon av omgrepet «dokument»

### 3.1 Bakgrunn

---

Formålsparagrafen i pliktavleveringslova er plattformnøytral. Det er innhaldet i kvart enkelt dokument og intensjonen om å spreie eit dokument til allmenta som avgjer om eit dokument er å rekne som avleveringspliktig, ikkje typen medium. Dette prinsippet har gjort lova robust og funksjonell.

Ved ei lovending<sup>1</sup> i 2000 av dagjeldande offentleglov, forvaltningslov og arkivlov blei dokumentomgrepet i desse lovene harmonisert.

Etter denne harmoniseringa er definisjonen av eit dokument slik:

ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lytting, framføring, overføring eller liknande.

Kulturdepartementet meiner det vil vere formålstenleg om definisjonen i pliktavleveringslova blir harmonisert med dette.

### 3.2 Gjeldande rett

---

Formålsparagrafen i pliktavleveringslova § 1 lyder:

Føremålet med denne lova er å tryggja avleveringa av dokument med allment tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnslev kan verta bevarte og gjorde tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.

Lova skal sikre at alle allment tilgjengelege dokument blir sikra for ettertida. Gjennom det pliktavleverte materialet blir ettertida sikra kjeldemateriale og kunnskap om fortida. Målet er at den nasjonale produksjonen av allment tilgjengeleg informasjon skal samlast inn, registrerast og takast

vare på, til bruk i studiar, forskning, dokumentasjon og utgreiingsarbeid i notid og framtid.

Omgrepa medium, dokument, utgivar, produsent og importør er definerte i pliktavleveringslova § 2. Noverande definisjon av eit dokument lyder:

Dokument: eitt eller fleire like eksemplar av eit medium som lagrar informasjon for seinare lesing, lyding, framsyning eller overføring.

Definisjonane av dei andre omgrepa er ikkje foreslått endra.

### 3.3 Høyringa

---

I høyringsforslaget blei det foreslått å justere definisjonen av dokumentomgrepet i samsvar med definisjonen i arkivlova, forvaltningslova og offentleglova.

### 3.4 Synet til høyringsinstansane

---

Det var få høyringsinstansar som hadde merknader til endringsforslaget. Dei som hadde merknader, mellom dei Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og Universitets- og høgskolerådet, støtta forslaget.

### 3.5 Vurdering og forslag frå departementet

---

Departementet ser det som viktig at det ikkje oppstår tolkingstvil som kan føre til at dokument fell utanfor avleveringsplikta. Sjølv om definisjonen av omgrepet har halde seg godt og medverka til klarare avgrensingar av avleveringsplikta i tvilstilfelle, er det viktig at eit slikt sentralt omgrep er definert på same måten i alle regelverk der det er meint å bety det same.

Ei justering av definisjonen sikrar heilskap i omgrepsbruken i lovverket og sikrar at ein unngår at små ulikskapar i ordlyden i forskjellige lover kan føre til uønskt forskjellsbehandling.

---

<sup>1</sup> Ot.prp. nr. 56 (1999–2000) *Om lov om endringer i offentlighetsloven og enkelte andre lover*

Departementet foreslår at definisjonen av dokument i pliktavleveringslova § 2 første ledd andre strekpunkt blir endra slik at han får same

ordlyd som definisjonen av dokument i forvaltningslova.

## 4 Avlevering og bruk av digitalt grunnlagsmateriale

### 4.1 Bakgrunn

Det aller meste av det materialet som blir gjort tilgjengeleg for allmenta i dag, vil ha eit digitalt grunnlagsmateriale, sjølv om utgivinga skjer i ei fysisk form.

Nasjonalbiblioteket har som eit langsiktig mål å digitalisere heile samlinga si, inkludert det pliktavleverte materialet.

I dag har Nasjonalbiblioteket gjort ei rad særskilde avtalar med forskjellige produsentar og utgivarar om å få tilsendt ei digital fil i tillegg til det fysiske mediet dokumentet er gjort allment tilgjengeleg i. Det vil vere formålstenleg og samfunnsøkonomisk effektivt at Nasjonalbiblioteket får avlevert det digitale grunnlagsdokumentet i tillegg til det fysiske mediet dokumentet blir gjort tilgjengeleg i, framfor å måtte digitalisere avlevert materiale etterpå. Eit slikt krav vil representere ei utviding av gjeldande avleveringsplikt for utgivar eller produsent og krev derfor heimel i lov.

### 4.2 Gjeldande rett

Det pliktavleverte materialet skal tene som kjelde-materiale for forskning og dokumentasjon, jf. pliktavleveringslova § 1. Utgangspunktet for tilgjengelegging av pliktavlevert materiale, både fysiske og digitale dokument, er at det berre skal nyttast til forskning og dokumentasjon.

Avleveringsform blir regulert av gjeldande pliktavleveringslov § 4, som mellom anna heimlar forskriftsregulering av avgrensingar i avleveringsplikta, dessutan form og kvalitet på det som skal avleverast. Det er forskriftsfesta<sup>1</sup> at eit dokument skal avleverast i den forma det blir gjort allment tilgjengeleg i, med mindre anna er særskilt fastsett.

Nasjonalbiblioteket har heimel til å framstille eksemplar av eit dokument til konserverings- og sikringsformål, jf. forskrift til åndsverklova § 1-3 tredje ledd.

<sup>1</sup> Forskrift 25. mai 1990 nr. 427 om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument § 1

Bruk og gjenbruk av pliktavlevert materiale er allereie regulert av opphavsretten. Hovudregelen i åndsverklova<sup>2</sup> er at opphavsmannen har ein einere rett ved at all eksemplarframstilling og tilgjengelegging av åndsverk krev samtykke frå opphavsmannen. Men einere retten er avgrensa på fleire område, mellom anna når det gjeld bruk av åndsverk i bibliotek m.v. Det følgjer av forskrift til åndsverklova at pliktavleverte åndsverk kan digitaliserast på visse vilkår og gjerast tilgjengelege for forskning og dokumentasjon i lokala til pliktavleveringsinstitusjonen. Åndsverklova § 45 bokstav c inneheld dessutan, saman med straffelova § 390 og andre personvernreglar, klare rammer for vidarebruk av bilete som inneheld personar som kan identifiserast.

### 4.3 Høyringa

I høyringsnotatet blei det foreslått å endre § 4 i lova slik at ho opnar for at digitalt grunnlagsmateriale kan krevjast avlevert saman med utgivingsformatet.

I høyringsutkastet skreiv departementet at det vil bli vurdert endringar i forskrift til åndsverklova som får følgjer for tilgangen til det pliktavleverte materialet innanfor formålet til pliktavleveringslova. Det blei foreslått at dei digitale filene vil inngå i samlingane til universitets- og høgskulebibliotek og til kvar tid vere tilgjengelege i biblioteklokala. Med utgangspunkt i dei opphavsrettslege avgrensingane foreslo departementet å leggje tekniske tilgangavgrensingar på dei digitale dokumenta til bruk utanfor biblioteklokala, slik at ein kan bruke berre sju lisensar samtidig. Denne løysinga meinte ein ville gjere det mogleg for heile universitets- og høgskulesektoren å bruke materialet på ein formålstenleg måte, samtidig som det ville avgrense bruken klart. Talet på fjernbrukslisensar vil vere i samsvar med talet på fysiske avleveringseksemplar. Det blei foreslått at berre forskarar knytte til forskingsinstitusjonar i Noreg kunne få tilgang til desse lisensane til dokumenta-

<sup>2</sup> Lov 12. mai 1961 nr. 2 om opphavsrett til åndsverk m.v.

sjons- og forskningsformål. For å dekkje eit dokumentasjons- og forskningsbehov også utanfor universitets- og høskulesektoren foreslo høyringsnotatet at to lisensar, etter særskild søknad, kan brukast ved fjernlån frå Nasjonalbiblioteket. Desse lisensane kan berre brukast i eit biblioteklokale. Den nærare reguleringa av ei slik tilgjengeleggjering vil bli fastsett i forskrift.

Ut over bruksavgrensinga i gjeldande formålsparagraf er det opphavsrettslovgivinga som gir bruksføresegner for pliktavlevert åndsverk. For å sikre betre oversikt og samanheng i føresegnene om pliktavlevert materiale foreslo departementet at det blir teke inn ein heimel i pliktavleveringslova til å fastsetje nærare bruksføresegner i forskrifta. Dette inneber at særskilde bruksføresegner for pliktavleverte åndsverk vil bli fastsette parallelt i forskriftene til pliktavleveringslova og åndsverklova.

#### 4.4 Høyrings svar

Det var 17 høyringsinstansar som hadde merknader til forslaget om at digitalt grunnlagsdokument skal kunne krevjast avlevert saman med utgivingsformatet. Dei aller fleste høyringsinstansane var positive til dette forslaget. Frå opphavsrettsida har det samtidig kome inn synspunkt på bruk av digitalt avlevert materiale.

*Biblioteksektoren* (både Norsk Bibliotekforening (NBF) og universitets- og høskulebiblioteka) var positive til avlevering av digitalt grunnlagsmateriale og betre tilgang til alle typar dokument. Behovet for tilgang til eit saumlaust biblioteknettverk blei dessutan framheva i fleire høyrings svar.

*NBF* skreiv:

Forslag til pålegg om avlevering av digitalt grunnlagsmateriale vil gi en økt tilgang til alle typer dokumenter. NBF ser svært positivt på dette forslaget. NBF ser behovet for en nærmere fastsettelse i forskrifter av hvilket materiale dette omfatter og hvordan en i praksis kan få slikt materiale avlevert og tilgjengeliggjort.

*Mediebedriftenes Landsforening* understreka at krav om avlevering av digitalt grunnlagsmateriale føreset at slikt materiale faktisk eksisterer. Dei skreiv:

Vi forutsetter at dette vil gjelde i de tilfeller der det faktisk finnes et digitalt grunnlagsdokument som egner seg for bevaring og tilgjenge-

liggjøring. Videre forutsetter vi at forskriftshjemmelen til å gi nærmere regler om form og kvalitet på avleveringseksemplar ikke gir hjemmel for å fastsette slikt krav til grunnlagsdokument.

Det var fleire av opphavsrettsorganisasjonane, mellom anna *Den norske Forleggerforening*, *Norsk Oversetterforening* og *Den norske Forfatterforening*, som meinte at den utvida bruken av pliktavlevert materiale er eit inngrep i eneretten til opphavsmannen og dei kommersielle interessene til rettshavaren. Dei meinte at høyringsnotatet ikkje vurderer om det er behov for ein lisensiert tilgang til digitalt materiale der dette er allment tilgjengelig i handel eller i bibliotek. Dei meinte at departementet heller ikkje har vurdert i kva grad ein lisensiert tilgang vil føre til kommersielle tap for opphavsmennene. Dei meinte vidare at det er nødvendig å gjere ei grundigare vurdering av bruken og av om tilgang til pliktavlevert materiale skal givast berre fordi det er lettvinnt, eller fordi det er nødvendig for brukarar å få ein slik tilgang fordi materialet ikkje lenger er kommersielt tilgjengelig. Dei meinte dessutan at det bør vere svært redusert tilgang til det digitale materialet, og at det bør vere færre enn sju lisensar. Det må vere god kontroll med bruken av lisensane, og det bør berre givast tilgang i biblioteklokala.

*Den norske Forleggerforening* uttalte at gjeldande frivillige ordning for avlevering av digitalt grunnlagsdokument ikkje fungerer optimalt. Foreininga var likevel positiv til fellestiltak for konservering og sikring av bøker, men var samtidig skeptisk til bruken av det digitale grunnlagsmateriale. Dei skreiv:

De fleste forleggere er positivt innstilt til fellestiltak for konserverings- og sikringsformål. Det er imidlertid viktig å understreke at pliktavlevering av digitalt grunnlagsdokument i kombinasjon med bruksbestemmelser som oppgitt i alternativ 1 i forslaget som er sendt på høring, vil føre til at den aller nyeste litteraturen kan gjøres tilgjengelig nærmest umiddelbart. Dette vil ramme de forretningsmessige interessene til forfattere og forlag.

*Norsk Oversetterforening* skreiv:

Etter vår oppfatning vil digitalt fjernlån av pliktavlevert materiale utgjøre et særlig stort inngrep i opphavsmannens enerett som bare kan forsvares dersom dette fremstår som forsvarlig

etter en avveining av opphavsmannens og brukernes interesser.

*Den norske Forfatterforening* skreiv:

Dersom forskere faktisk kan få digital tilgang til materiale via ordinære tilbydere, som bokhandel eller bibliotek, mener vi at pliktavleveringslovens formål ikke strekker seg så langt at NB uten videre skal gi gratis tilgang til sitt digitaliserte materiale «utelukkende» med henvisning til at bruken er studie- eller forskningsformål. Én av følgene av den «allmenne digitaliseringen» er at for eksempel bøker ikke lenger vil være utsolgt, men lett tilgjengelig utenfor bibliotek- og arkivsfæren. Dette kunne med fordel ha vært mer tydelig i departementets drøftelse av tilgang til pliktavlevert materiale, noe som fortsatt bør være et unntak som ikke bare begrunnes i et godt formål, men også ut fra om materialet allerede er allment tilgjengelig. [...] Vi forstår «konserverings- og sikringsformål» som langt snevrere enn forskning og dokumentasjon, og ber om at departementet kommenterer denne ulikheten mellom åndsverklovens forskrift og pliktavleveringsloven med tanke på å unngå uhjemlet eksemplarframstilling og bruk av pliktavlevert materiale ut fra de ulike reglers formål og anvendelsesområde.

*Kopinor* meinte at forslaget legg opp til ein dramatisk utvida tilgang til åndsverk, noko som undergrev interessene til rettshavarane og er i strid med internasjonale konvensjonar. Bruk av pliktavlevert materiale må regulerast uttømmende av åndsverklova og forskrifta som høyrer til. Dei skreiv:

Slik Kopinor forstår redegjørelsen, vil ordningen departementet skisserer dramatisk utvide tilgangen til verk på en måte som ikke ivaretar, men skader og undergraver rettighetshavernes interesser. En slik regulering vil etter vårt skjønn komme i konflikt med Norges forpliktelser etter blant annet EUs informasjonssamfunnsdirektiv (2001/29/EF) og Bernkonvensjonen.

Det er Kopinors syn at bruk av åndsverk, i dette tilfellet av pliktavlevert materiale, må reguleres på en helhetlig måte av åndsverkloven og tilhørende forskrift, og ikke av pliktavleveringsloven eller forskrift til denne slik departementet foreslår [...]

Kopinors vurdering er at ordningen som Kulturdepartementet ønsker å innføre, går lengre enn informasjonssamfunnsdirektivet gir rom for. Tilgjengeliggjøring av digitale filer omfattes av direktivets art. 3 (1). Unntaksbestemmelsen i direktivets art. 5 (3) bokstav n om fremstilling av eksemplar og tilgjengeliggjøring for forsknings- og studieformål, er begrenset til tilgjengeliggjøring på særskilte terminaler i lokalene til institusjonene nevnt i art. 5 (2) bokstav c (offentlig tilgjengelige biblioteker, utdanningsinstitusjoner, museer, arkiv) og gjelder bare verk og andre beskyttede arbeider som inngår i den enkelte institusjonens samlinger. Tilgang på ikke-dedikerte terminaler og/eller i andre bibliotekers lokaler, for ikke å si fra datamaskiner utenfor bibliotekene via institusjonens IP-adresse, faller utenfor disse bestemmelsene.

Det vesentlige sett fra Kopinors synspunkt er imidlertid at den foreslåtte ordningen vil gi betydelige negative virkninger for rettighetshavernes utnyttelse av sine rettigheter.

[...] Kopinor [mener] at bruk av pliktavlevert materiale må reguleres uttømmende av åndsverkloven og tilhørende forskrift. Vi anmoder departementet om å komme tilbake til dette i forbindelse med den forestående revisjonen av åndsverkloven, slik departementet tidligere har lovet.

*Norske Filmregissører* hadde ingen innvendingar til lovendringane og poengterte særskilt at det framleis blir teke omsyn til eineretten opphavsmannen har etter åndsverklova og forskrift til åndsverklova ved at pliktavleverte åndsverk blir digitaliserte berre på dei vilkåra som er nemnde i høyringa.

*Norsk Journalistlag* og *Norsk Redaktørforening* understreka at det er viktig at også journalistar har tilgang til pliktavlevert materiale.

Fleire universitet og *Universitets- og høgskolerådet* meinte det er viktig at digitalt pliktavlevert materiale blir gjort tilgjengeleg for forskarane ved arbeidsplassane deira, og at avgrensing av tilgangen knytt til lokalitet og utstyr er utdatert. Dei meinte at det bør vere same tilgang til nettarkivet. Universiteta meinte at det er viktig at dei ikkje må skilje mellom brukargruppene sine når det gjeld tilgang til det pliktavleverte materialet, og at det skal kunne nyttast som andre dokument i samlingane deira (lastast ned, kopierast og takast utskrift av).



## 4.5 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Gjeldande praksis for fysiske dokument inneber at det pliktavleverte materialet blir gjort tilgjengeleg for forskning og dokumentasjon ved Nasjonalbiblioteket og universitetsbiblioteka i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø.

Departementet legg til grunn at omgrepet «forskning» i pliktavleveringslova korresponderer med det same omgrepet i forvaltningslova § 13 d, der forskning svarer til studium på masternivå under rettleiing av kompetent rettleiar. Denne føresegna inneber at forvaltninga kan gi innsyn i materiale underlagt teieplikt for forskingsformål. Arkivverket nyttar den same forskingsdefinisjonen ved vurdering av om forskarar skal få tilgang til avlevert arkivmateriale som er underlagt teieplikt.

Tilvisinga til dokumentasjonsformål i formålsparagrafen betyr at det avleverte materialet også skal kunne brukast til meir enn forskingsprosjekt ved universitet og høgskular. Studentar skal til dømes kunne bruke kjelder frå Nasjonalbibliotekets samlingar når dei skriv oppgåver eller førebur seg til eksamen. Dokumentasjonsformål omfattar også bruk av kjeldemateriale i til dømes utgreiingsarbeid, slektsforskning og bygdebokskrivning. Det same vil gjelde journalistar og forfattarar som søker etter bakgrunnsstoff til prosjekta sine.

Omgrepet «dokumentasjonsformål» i pliktavleveringslova § 1 omfattar også tilgang basert på behov for å identifisere dokument frå rettshavaren sjølv eller innhaldet i enkeltdokument ved mistanke om plagiat eller forskingsfusks.

Det er nødvendig å finne ein god balanse mellom at pliktavlevert materiale skal fungere som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon, og at pliktavleveringa er eit inngrep i eineretten til

opphavsmannen. Rettshavarorganisasjonane er positive til den sida av pliktavleveringa som er knytt til konservering, men er skeptiske til å utvide bruken for mykje. I høyringsrunden har det kome fleire kritiske merknader til forslaget om tilgjengeleggjering av det digitale grunnlagsmaterialet, som er foreslått regulert i forskrift.

Ei godt fungerande pliktavleveringsordning er avhengig av eit godt samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket og opphavsmennene. Departementet understrekar at bruk av pliktavlevert materiale skal ligge innanfor ramma av dei konvensjonsforpliktingane Noreg har i samband med opphavsretten. I samsvar med Bernkonvensjonen må avgrensingar i eineretten til opphavsmannen berre gjelde i spesielle og avgrensa tilfelle, ikkje skade den normale utnyttinga av verket og ikkje på urimeleg måte setje til side dei legitime interessene til opphavsmannen. Etter åndsverklova må ikkje avgrensingsreglane i bibliotek m.v. innebere ein «nevneverdig økonomisk konkurranse med opphavsmennene», og regulering av bruken av pliktavlevert materiale må ta omsyn til dette. Dei nærare reglane for bruken av det pliktavleverte materialet vil bli gitt i forskrift, som vil bli gjenstand for eiga høyring.

Departementet meiner det er viktig å heimle retten til å kunne krevje avlevert det digitale grunnlagsmaterialet. Dette er viktig av bevaringsomsyn og ikkje spesielt kontroversielt. Departementet foreslår derfor ei endring i § 4 første ledd som pålegg utgivaren å avlevere digital fil i tillegg til den forma som dokumentet blir gjort allment tilgjengeleg i. Departementet foreslår at bruken av det avleverte materialet blir regulert i forskrift heimla i åndsverklova. Utarbeidinga av forskriftene vil skje i dialog med opphavsrettsorganisasjonane og representantar for brukarinteressene og vil vere gjenstand for ny høyring.

## 5 Talet på avleveringseksemplar

### 5.1 Bakgrunn og gjeldande rett

I samsvar med pliktavleveringslova § 4 skal dokument av papir, eller papirliknande medium, mikroformer og fotografi avleverast i sju eksemplar. Lydfesting, film, videogram, EDB-dokument og kombinasjonar av desse skal avleverast i to eksemplar, og opptak av kringkastingsprogram skal avleverast i eitt eksemplar. I instruksen<sup>1</sup> § 2 er det fastsett føresegnar om vidareending av dei pliktavleverte eksemplara til universitetsbiblioteka i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Vidare skal Sametingets bibliotek i Karasjøk ha eit eksemplar når det meste av innhaldet er på samisk.

Der kostnadene er særleg høge, kan ein etter pliktavleveringslova § 5 andre ledd søkje om refusjon for produksjonskostnadene.

Da pliktavleveringslova blei skriven, hadde Noreg berre fire universitet. I dag har fleire utdanningsinstitusjonar fått universitetsstatus, og mykje forskning skjer også ved høgskulane. Fordi høgskulane og dei nye universiteta ikkje er mottakarar av pliktavlevert materiale, ønskte departementet innspel om moglege endringar i fordelinga av pliktavlevert materiale.

### 5.2 Høyringa

Lova har som formål å gjere tilgjengeleg pliktavlevert materiale for forskning og dokumentasjon. Høyringsutkastet inneheldt to alternative forslag til kor mange eksemplar som skal pliktavleverast, og fordelinga av dette materialet. Avleveringa representerer ein kostnad for utgivaren og produsenten fordi ho skal gjerast vederlagsfritt, og kan til ein viss grad også vere eit kommersielt tap for opphavsmannen. Det er derfor sett ei grense for kor mange eksemplar som kan krevjast.

Begge forslaga i høyringa hadde som formål å gi alle forskingsinstitusjonane betre tilgang til det

pliktavleverte materialet og å bidra til eit meir effektivt system for fordeling av dei pliktavleverte dokumenta. Det eine forslaget var avlevering av maksimalt fem eksemplar til bevaring i Nasjonalbiblioteket. Desse fem eksemplara var det tenkt skulle fordelast med eitt til sikringsmagasinet, eitt lesesaleksemplar hos Nasjonalbiblioteket og tre til fjernlån til universitets- og høgskulesektoren. Dette forslaget føreset at Nasjonalbiblioteket har eit godt fungerande depotbibliotek, og at alt utlån av pliktavlevert materiale skjer derfrå. Dette forslaget inneber også at pliktavlevert materiale ikkje vil inngå som ein del av samlingane til universitetsbiblioteka.

Det andre forslaget var avlevering av maksimalt sju eksemplar. Dei sju eksemplara blei foreslått fordelte med eitt til sikringsmagasinet, eitt lesesaleksemplar og eitt til fjernlåndepotet. Dei siste fire eksemplara tenkte ein skulle gjerast tilgjengelege for distribusjon til universitets- og høgskulebiblioteka, basert på bestillingar frå ein katalog. Nasjonalbiblioteket ville vere ansvarleg for å innrette den mest økonomiske ordninga for vidarefordeling av eksemplara, i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren. Det ville vere rimeleg at dei fire universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø har førsterett til materialet.

Det blei også foreslått å endre spesifikasjonen av konkrete medium til ei presisering av at både digitale og fysiske dokument som er gjorde tilgjengelege for allmenta, skal avleverast. Døme på kva medium dette vil omfatte, er papirdokument, lydopptak, film, video, kringkastingsprogram, e-bøker, dataspel og dokument frå Internett. Det konkrete talet på dei forskjellige medietypene innfor maksimaltalet vil bli fastsett i forskrift.

### 5.3 Høyringsinstansane

Det var berre åtte av høyringsinstansane som hadde konkrete merknader til forslaget om talet på avleveringseksemplar. Universiteta var delte mellom alternativ 1 og alternativ 2, men dei var

<sup>1</sup> Instruks for institusjonar som forvaltar dokument innkomne etter lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument av 25. juni 1990

einige i at det er viktig med avlevering av det digitale grunnlagsmaterialet.

*Den norske Forleggerforening* ønskte å føre vidare gjeldande ordning. Dei skreiv:

Forleggerforeningen vil anbefale en videreføring av dagens ordning med 7 eksemplar, og at det ikke innføres fjernlånsordninger som vil undergrave forfatternes og forlagenes interesser.

*Nasjonalbiblioteket* føretrekte alternativet med fem eksemplar, med den grunngevinga at den løysinga som blir skissert for alternativet med sju eksemplar til distribusjon etter bestilling frå universitets- og høgskulebiblioteka, vil bli for ressurskrevjande.

#### **5.4 Vurderingar og forslag frå departementet**

---

Departementet meiner at høyringsrunden ikkje har gitt eit klart nok svar på om det er formålstenleg å gå ned frå sju til fem avleveringseksemplar. Nasjonalbibliotekets innspel om at det vil vere res-

surskrevjande å opne for vidarefordeling av det pliktavleverte materialet etter bestilling frå dei enkelte universitets- og høgskulebiblioteka, talar for å ikkje gå inn på ei slik ordning inntil vidare.

Departementet foreslår å endre gjeldande ordning slik at sju avleveringseksemplar blir eit maksimum, jf. § 4 første ledd første punktum. Det blir da opp til Nasjonalbiblioteket å avgjere kor mange eksemplar det er behov for å avlevere innanfor denne maksimumsgrensa.

Departementet foreslår vidare å fjerne spesifikasjonen av konkrete medium i strekpunkta i § 4 og erstatte dette med ei presisering av at avleveringsplikta omfattar både digitale og fysiske dokument som er gjorde tilgjengelege for allmenta. Ei endring der det ikkje blir opplyst om typar medium i lova, vil bidra til å understreke at lova er medieuavhengig, og opnar for betre kostnadseffektivitet, både for produsentar/utgivarar og Nasjonalbiblioteket. Nærare føresegner knytte til talet på eksemplar av dei ulike media vil bli fastsette i forskrift. Også kven som skal få eksemplar, reglar for bruken av det digitale materialet og korleis dei avleverte eksemplara skal forvaltast, vil måtte regulerast i forskrift med heimel i denne lova og åndsverklova.

## 6 Innsamling av nettdokument

### 6.1 Bakgrunn

Nasjonalbiblioteket har med heimel i pliktavleveringslova samla inn nettdokument sidan midten av 1990-åra. Dei første åra var aktiviteten i stor grad testbasert, med ei selektiv tilnærming til innsamlinga. Til dømes er nettbaserte medlemsblad frå organisasjonar og foreiningar, rapportar frå vitenskaplege institusjonar og digitale utstillingar på nett tekne vare på. I tillegg til dette blei nettsider relaterte til spesielle hendingar av nasjonal interesse hausta inn. Til dømes er nettstadene til dei politiske partia i samband med stortingsval og kommune- og fylkestingsval blitt tekne vare på sidan 1997.

Nasjonalbiblioteket søkte om og fekk sin første mellombelse konsesjon for å samle inn det norske internettdomenet .no frå Datatilsynet i 2003. Personopplysningslova har implementert EUs personverndirektiv<sup>1</sup> i Noreg. Det følgjer mellom anna av § 33 at ein må ha konsesjon frå Datatilsynet for å behandle sensitive personopplysningar. Opne nettsider vil kunne innehalde slike opplysningar. Dei personvernrelaterte problemstillingane knytte til innsamling av nettdokument er behandla nærare nedanfor.

Frå og med 2005 gjekk Nasjonalbiblioteket over frå ei selektiv innsamling til såkalla domeneinnsamling. Det innebar at opne nettsider på det norske internettdomenet .no blei samla inn ein til to gonger i året. Sidan 2005 er det samla inn om lag 1478 millionar filer. Materialet er per i dag ikkje tilgjengeleg for bruk. Dei siste konsesjonsvilkåra frå 11. august 2010 inneheld krav som gjer at Nasjonalbiblioteket i stor grad har avslutta automatisk innsamling av internettdokument. Konsesjonen gjekk ut 30. juni 2012, men sidan Nasjonalbiblioteket ikkje haustar nettsider på bakgrunn av konsesjonen, og mens ein ventar på dette lovarbeidet, blei det ikkje sendt søknad om ny konsesjon. Nasjonalbiblioteket samlar no berre inn utvalde nettsider. Konsekvensen av å halde fram med selektiv innsamling er at relativt mykje materiale av kulturhistorisk verdi går tapt. Døme på dette er

dokumentasjon publisert på Internett før og etter terrorhandlingane 22. juli 2011. Vi har no eit ufullstendig kjeldemateriale når ein skal forska på korleis samfunnet og ordskiftet har endra seg.

Dei utvalde sidene inneheld informasjon om saker av nasjonal interesse eller er nettsider som dokumenterer norsk kultur og samfunnsliv. Dei sidene som blir hausta jamleg, omfattar først og fremst nettaviser, offentlege sider og nokre bloggar etter avtale med sideeigarane. I alle desse tilfella er det på førehand sendt brev til eigarane av nettstadene med informasjon om innsamlinga.

Nasjonalbiblioteket samarbeider med andre land om innsamling og er medlem i International Internet Preservation Consortium (IIPC). Her deltek nasjonalbibliotek og institusjonar frå meir enn førti land. Det er utvikla ulike verktøy for mellom anna innsamling og indeksering i regi av IIPC. Nasjonalbiblioteket bruker innsamlingsverktøyet Heritrix, som er ein de facto standard programvare for medlemmene av IIPC. IIPC utviklar også felles retningslinjer for automatisk innsamling.

Som nemnt i kapittel 2 har både Personvernkommissjonen og Personvernemnda stilt spørsmål ved rekkjevidda av avleveringsplikta for nettdokument.

Personvernkommissjonen skreiv mellom anna i NOU 2009: 1, på side 119:

Det er særleg pliktavlevering av elektroniske dokumenter kommissjonen har fokusert på og som må sies å reise særlege personvernutfordringer. Det er også grunn til å stille spørsmål ved om en slik omfattende pliktavlevering er tilstrekkelig gjennomtenkt og i tråd med lovgivers intensjon da loven ble vedtatt i 1989.

Personvernemnda har uttalt at ein del av dei ytringane som vil vere allment tilgjengelege på Internett, vil ha ein annan og meir privat karakter enn fysiske dokument som blir samla inn og tekne vare på i dag. Nemnda uttalte mellom anna følgjande ved behandling av klage frå Nasjonalbiblioteket over konsesjonsvilkåra (PVN-2009–11):

<sup>1</sup> Direktiv 95/46/EF

Generelt sett mener Personvernemnda at lovens begrep «allment tilgjengelig» ikke er et hensiktsmessig begrep for den lovregulerte, pliktmessige innsamling av ytringer i det offentlige rom. Begrepet er ikke lenger dekkende for det som var formålet med avleveringsloven, nemlig å samle inn de offentlige ytringer. Med Internett har «allment tilgjengelig» blitt utvidet til å også omfatte private ytringer. På Internett legges det enkelt sagt ut tre kategorier informasjon:

- Informasjon som er intendert lagt ut åpent
- Informasjon som ved en feiltagelse er lagt ut åpent på nettet
- Kommunikasjon som er intendert rettet mot en privat krets, men andre kan se det likevel, for eksempel private blogger, private nettsteder, familiebilder etc.

Det var ikke lovens intensjon at alle disse kategoriene skulle samles inn. Slik situasjonen er nå, samlar Nasjonalbiblioteket inn informasjon fra alle tre kategorier. Ved en lovrevisjon bør det vurderes om en slik utvidelse er ønskelig og hensiktsmessig.

På bakgrunn av desse innspela såg departementet behov for å gjennomgå og klargjere reglane som regulerer automatisk innsamling av nettdokument.

## 6.2 Kartlegging av materiale på Internett

Hausten 2011 fekk Kulturdepartementet utarbeidd ein rapport med kartlegging av materiale på Internett.<sup>2</sup> Rapporten gav eit godt grunnlag for å kunne vurdere om det er faktisk og praktisk mogleg å dele inn nettet i ulike bevaringskategoriar.

Rapporten viste at i 2011 hadde norske verksemder registrert nær 530 000 domenenamn, mens nær 250 000 domenenamn er registrerte i USA av verksemder og personar med adresse i Noreg. Nye domenerregistreringar skjer kvar dag. Somme domene består av ei handfull sider, mens andre har tusenvis av undersider. Det er vanskeleg å vurdere det totale talet på nettstader som kan klassifiserast som norvegica,<sup>3</sup> sidan det er svært mange nasjonale domene som er opne for registrering utan særskild tilknytning til landet. I

tillegg skjer ein stor del av internettbruken i Noreg på nettstader utanfor det norske domenet. Mellom anna viser Alexas<sup>4</sup> rangering av nettrafikk at Facebook, YouTube og Google utgjer ein stor del av nettbruken til nordmenn.

I rapporten blei det gjort greie for fleire måtar å lage oversikter over materialet på Internett på. Det kan vere oversikter over trafikkdata, populær systematisering («folksonomi»), automatisk genererte sjangerklassifiseringar eller kvalitative sjangeroversikter. Dei meiner at oversikter over kva nettstader som er mest besøkte av det norske publikummet, kan vere ei kjelde til å identifisere bevaringsverdige nettstader. Populære sjangerinndelingar vil kunne fange opp nye nettfenomen, men det kan vere problematisk at dei ikkje er varige. Likevel vil dei kunne gi viktige indikasjonar på bevaringsverdige kjelder. Når det gjeld automatiske sjangerinndelingar, blir desse lett for grove til at dei kan gi eit dekkjande bilete. Når det gjeld kvalitative sjangerinndelingar, har ikkje forfatarane av rapporten klart å finne ei oversikt som gir eit påliteleg overblikk over Internett. Ulike tilnærmingar vil gi ulike inndelingar. Ëi tilnærming kan til dømes vere ein popularitetsindeks: Med utgangspunkt i dei hundre nettsidene der det er registrert mest trafikk frå Noreg, har forfatarane gruppert nettsider med fellestrekk under populære namn. Dette har resultert i dei tjue mest brukte typane nettstader i Noreg: nettaviser, verksemdsinformasjon, deling, nettbutikk, søkjemotorar, bloggplattformer, nettleksikon, offentleg informasjon, pornografi, portalar, telefonkatalogar, diskusjonsfora, nettbankar, TV-selskap, marknads plassar, nettsamfunn, betalingsstenester, datingtenester, omsetjingar, vèrmelding, Internett-TV.

I oppsummeringa går det fram at det er vanskeleg i ein kort rapport å gi full oversikt over alt som finst av materiale på Internett. Terrenget som skal kartleggjast, er i hurtig og konstant endring, og det er lite sannsynleg at sjølv ein rapport som strekte seg over fleire år og omfatta fleire bind, ville vore fullt ut dekkjande.

## 6.3 Gjeldande rett

Gjeldande pliktavleveringslov heimlar berre *avlevering* av allment tilgjengelege dokument. Dette er også poengtert både av Personvernemnda<sup>5</sup> og

<sup>2</sup> Kartlegging av materiale på nettet av Anders Fagerjord ved Institutt for medium og kommunikasjon ved Universitet i Oslo og Vidar Falkenberg ved Retriever

<sup>3</sup> Dokument om Noreg eller med norsk opphavsmann

<sup>4</sup> <http://www.alexa.com/topsites/countries/NO>. Alexa er eit selskap som driv webinformasjon.

<sup>5</sup> PVN-2009-11

Personvernkommissjonen,<sup>6</sup> som har uttalt at dei meiner gjeldande lovgiving ikkje gir klar heimel for innsamling av nettdokument. For at Nasjonalbiblioteket skal kunne gjennomføre ikkje-avtalebasert domeneinnsamling, er det nødvendig å heimle denne innsamlinga i lov.

Etter pliktavleveringslova er den grunnleggjande føresetnaden for avleveringsplikt at eit dokument har vore gjort tilgjengeleg for allmenta.

Pliktavleveringslova § 3 andre ledd presiserer kva som ligg i at eit dokument er allment tilgjengeleg:

Eit dokument er gjort tilgjengeleg for allmenta når

- eksemplar av dokumentet vert bode fram for sal, utleige eller utlån, eller når dokumentet på annan måte vert spreidd utanfor ein privat krins,
- informasjonen i dokumentet vert gjort tilgjengeleg utanfor ein privat krins gjennom framføring, framsyning, kringkasting, direktekopling e.l.

Kva som er å rekne som allment tilgjengeleg, er utdjupa i forarbeida til pliktavleveringslova.<sup>7</sup> Det avgjerande er om innhaldet i dokumentet er gjort tilgjengeleg ut over ein avgrensa, slutta krins. Om det er få eller mange som faktisk har tileigna seg det tilgjengelege dokumentet, er ikkje avgjerande, berre om det er mogleg for allmenta å få slik tilgang. Dette inneber til dømes at heilt organisasjons- eller bedriftsinterne dokument fell utanfor avleveringsplikta. Det er likevel ein føresetnad at plikta omfattar dokument med informasjon som er spreidd til medlemmer av organisasjonar som er opne for alle, eller opne for alle med same føresetnader eller same interesser, til dømes aksjeeigarar i eit aksjeselskap, medlemmer av fag- og yrkesforbund og av vitskapelege foreiningar.

I forarbeida til personopplysningslova<sup>8</sup> er det problematisert at behovet for gode forskingsresultat av og til kan kome i konflikt med personverninteresser. I forarbeida er der vist til at behandling av personopplysningar for forskning eller statistiske formål i ein del tilfelle vil stå i ei særstilling, ut frå dei viktige samfunnsinteressene som kan vere knytte til den vitskapelege eller statistiske verksemda. I gjeldande personopplysningslov er

det heimel for å gi konsesjon til å behandle sensitive personopplysningar når dette er nødvendig for historiske, statistiske og vitskapelege formål, jf. § 9 bokstav h. Konsesjon føreset at den interessa samfunnet har i slik behandling, er klart større enn dei ulempene det kan føre til for den enkelte. Behandlinga vil uansett vere konsesjonspliktig etter § 33, sjølv om ho blir sett på som rettmessig etter § 9 bokstav h. I medhald av personopplysningslova § 28 andre ledd blir det også opna for å lagre personopplysningar i større utstrekning enn elles, så sant dei blir lagra for historiske, statistiske eller vitskapelege formål.

## 6.4 Innsamling av nettdokument i andre land

### 6.4.1 Innleiing

Sidan midten av 1990-åra har det eksistert både offentlege, ideelle og private initiativ for å arkivere publisert materiale på Internett. Internasjonalt er *Internet Archive* det mest omfattande og lettast tilgjengelege arkivet.<sup>9</sup> Dette blei etablert i USA i 1996 som eit privat initiativ med formål å vere eit internettbibliotek tilgjengeleg både for forskarar, historikarar og allmenta. Også norske nettsider er lagra i Internet Archive.

Dei fleste vestlege land anerkjenner i dag behovet for å samle inn og ta vare på den delen av kulturarven som er gjort elektronisk tilgjengeleg.<sup>10</sup> EU-kommisjonen tilrår også bevaring av den digitale kulturarven, jf. EU-rekommandasjonen «On the digitisation and online accessibility of cultural material and digital preservation» artikkel 10.<sup>11</sup> Her heiter det at medlemslanda bør setje i verk dei nødvendige tiltaka for å forbetre oppbevaringa og avleveringa av materiale som er produsert i digitalt format. Det følgjer vidare av artikkel 10 bokstav c at landa bør innføre føresegnar som tillèt utpeikte institusjonar å samle inn og ta vare på materiale publisert på Internett, til dømes ved

<sup>9</sup> I 2012 var det hausta inn og lagra over ti petabytes med data. Det er om lag 800 000 unike IP-adressar som besøker Wayback kvar dag (i mars 2015), jf. <https://archive.org/stats/> (lesedato: 06.03.2015).

<sup>10</sup> International Internet Preservation Consortium (IIPC) i dag har 48 medlemmer fra totalt 27 land: Austerrike, Australia, Canada, Chile, Danmark, Estland, Finland, Frankrike, Island, Israel, Japan, Kina, Kroatia, Nederland, New Zealand, Norge, Polen, Portugal, Slovenia, Spania, Sveits, Sverige, Storbritannia, Sør-Korea, Tsjekkia, Tyskland og USA. For ei oversikt over relevant lovgiving i dei ulike landa, sjå <http://netpreserve.org/legal-deposit>. (lesedato 11.03.2015).

<sup>11</sup> EU-rekommandasjon av 27. oktober 2011 (2011/711/EU).

<sup>6</sup> NOU 2009: 1 Individ og integritet

<sup>7</sup> Ot.prp. nr. 52 (1988–89) Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument punkt 3.2.1 og NOU 1984: 3

<sup>8</sup> NOU 1997: 19 Eit betre personvern og Ot.prp. nr. 92 (1998–99) Behandling av personopplysningar

hjelp av automatisk innsamling (såkalla «web harvesting» eller «innhausting»).

#### 6.4.2 Danmark

Avleveringsplikta for digitale dokument i Danmark har heimel i *Lov om pligtaflevering af offentliggjort materiale*,<sup>12</sup> i kraft frå 1. juli 2005. På bakgrunn av *Utreddning om kulturarven* frå 2003 blei lova endra slik at også den elektronisk offentleggjorde kulturarven skulle avleverast, inkludert materiale som er gjort tilgjengeleg over Internett.

Meir presist omfattar avleveringsplikta dansk materiale offentleggjort i elektroniske kommunikasjonsnett. Omgrepet offentleggjort skal forståast på same måten som definisjonen av omgrepet i den danske opphavsrettslova § 8 stk. 1, altså slik at eit verk blir rekna som offentleggjort når det er gjort lovleg tilgjengeleg for allmenta.<sup>13</sup>

Materiale publisert på Internett blir hausta inn dersom det er offentleggjort på det danske toppnivådomenet .dk, eller dersom det er materiale retta mot publikum i Danmark på andre domene. Innsamling av materialet skjer gjennom ein kombinasjon av tverrsnittsinnsamling,<sup>14</sup> selektiv innsamling<sup>15</sup> og såkalla innsamling av konkrete hendingar, som er innsamling av materiale knytt til val eller andre store nasjonale hendingar.

Nettdokument blir i praksis avleverte ved at pliktavleveringsinstitusjonane (Det Kongelige Bibliotek og Statsbiblioteket) har heimel<sup>16</sup> til å rekvirere<sup>17</sup> eller framstille eksemplar av materialet. E-bøker er eit døme på materiale som blir rekvirert. Pliktavleveringsinstitusjonane har rett til å be om passord og liknande for å samle inn nettdokument som elles berre er tilgjengelege ved pålogging,<sup>18</sup> så lenge det dreier seg om materiale som er gjort lovleg tilgjengeleg for allmenta.<sup>19</sup>

<sup>12</sup> Lov om pligtaflevering af offentliggjort materiale av 22. desember 2004 nr. 1439.

<sup>13</sup> LBK nr 202 af 27/02/2010 Bekendtgørelse af lov om ophavsret (ophavsretsloven).

<sup>14</sup> Det vil seie innsamling av heile det danske domenet (dessutan eventuelt andre nettstader med innhald retta mot dansk publikum) ca. fire gonger i året.

<sup>15</sup> Dette inneber innsamling av nokre utvalde nettstader, gjerne temabasert.

<sup>16</sup> Sjå pligtafleveringsloven § 8 stk. 1.

<sup>17</sup> Rekvirering inneber at mottaksinstitusjonen krev at materialet blir avlevert.

<sup>18</sup> For ein nærare gjennomgang av korleis avleveringspliktig informasjon på Internett skal avleverast, viser vi til dokumentet «Pligtaflevering af dansk materiale, offentliggjort på Internett frå 1. juli 2005», som er tilgjengeleg via nettstaden [www.pligtaflevering.dk](http://www.pligtaflevering.dk).

Prinsipielt skal alt innhausta materiale lagrast for framtida, og ingenting skal slettast eller førehandssensurerast, jf. *bekendtgørelsen* § 10. Personvernomsynet blir sikra først og fremst ved ein svært restriktiv tilgang til materialet. Det danske datatilsynet har i praksis ikkje problematisert sjølve innsamlinga av digitale dokument. Når det gjeld behandlinga av ulovleg eller feilaktig informasjon, er det etablert ei ordning som teknisk sett opnar for kommentarar og tilvisingar til rettingar.<sup>20</sup>

Nettstader med såkalla søkjemotorimmunisering, til dømes robots.txt, blir også hausta inn. Søkjemotorimmunisering blir ikkje rekna for å vere ei tilgangsavgrensing, berre ei trafikkavgrensing. Materiale som blir offentleggjort via mobiltelefon, er unnateke frå avleveringsplikt, jf. *bekendtgørelsen* § 8 stk. 2.<sup>21</sup>

Det primære formålet med innsamling av den elektroniske kulturarven i Danmark er sikring av materialet, slik at det også i framtida er tilgjengeleg for forskinga og allmenta.<sup>22</sup>

Det innhausta materialet blir oppbevart i nettarkiv ved Statsbiblioteket i Aarhus og ved Det Kongelige Bibliotek i København. Utgangspunktet for tilgang til nettarkivet er *pligtafleveringsloven* § 19 stk. 3, der det går fram at pliktavlevert materiale skal gjerast tilgjengeleg for allmenta innanfor rammene av opphavsrettslovgivinga, med mindre tilgangen er avgrensa i anna lov. I *bekendtgørelsen* § 11 er dette konkretisert slik at «[d]er kan gives adgang til arkivet efter reglerne i ophavsretsloven og § 10 i Lov om behandling af personoplysninger».

I og med at nettarkivet vil innehalde personopplysningar, blir heile arkivet per i dag behandla i samsvar med *Lov om behandling af personoplysninger (persondataloven)* §§ 7 og 8. Av merknadene går det fram at innhausta materiale berre skal gjerast tilgjengeleg til vitskaplege formål. Det er altså berre kvalifiserte forskarar som får tilgang til det innhausta materialet, etter søknad til Statsbiblioteket. Dersom det aktuelle forskingsmaterialet inneheld sensitive personopplysningar, må forskaren også søkje konsesjon frå Datatilsynet.

<sup>19</sup> Eit dokument kan vere tilgjengeleg for allmenta sjølv om ein må logge seg på for å kunne lese dokumentet. Det avgjerande er i kor stor grad folk med relevante føresetnader og interesser kan få tilgang.

<sup>20</sup> Sjå Bemerkningene til lovforslaget avsnitt 5.5.2.3. «Ulovlig materiale og feilagtige opplysninger».

<sup>21</sup> Bekendtgørelse om pligtaflevering af offentliggjort materiale (Bekendtgørelse nr. 636 af 13. juni 2005)

<sup>22</sup> Sjå Bemerkningene til lovforslaget avsnitt 2 «Baggrund».

### 6.4.3 Island

På Island er pliktavlevering av digitale dokument heimla i *Lög um skylduskil til safna*, av 20. mars 2001 nr. 20, i kraft frå 2003. Lova gir heimel både til pliktavlevering og innsamling av nettdokument.

Innsamlinga av nettdokument skjer ved automatisk innsamling av et tverrsnitt av heile det islandske toppnivådomenet .is minst tre gonger i året, selektiv innsamling av utvalde sider ein gong i veka (særleg nettaviser) og hendingsinnsamling. I tillegg lagar det islandske nasjonalbiblioteket *Landsbókasafn* ei liste over islandsk materiale på andre domene, som også blir hausta inn.

Ved innsamling informerer nasjonalbiblioteket om at sidene blir lagra, ved at det blir plassert ei lenkje i besøksloggen på sidene. Søkjemotorimmuniseringa blir ikkje rekna som ei tilgangsgrensing som stengjer for innsamling.

Dei innhausta internettsidene blir lagra i Islands nettarkiv ved nasjonal- og universitetsbiblioteket *Landsbókasafn* i Reykjavík. Nettarkivet er tilgjengeleg for allmenta via nettstaden [www.vefsafn.is](http://www.vefsafn.is). Tilgangsgrensingar gjeld først og fremst for innhausta nettsider som krev betaling. I tillegg klausulerer nasjonalbiblioteket nettsider på førespurnad, etter ei konkret vurdering. Per mars 2015 har det vore berre to slike førespurnader som har ført til mørklegging av sider.

Når det gjeld e-bøker, har nasjonalbiblioteket i mars 2015 samla inn om lag 600 titlar på grunnlag av avtale med nokre av dei store forlaga, og altså ikkje som ein del av den generelle nettinnhaustinga. Avtalane seier ikkje korleis e-bøkene kan nyttast, og dei er per i dag ikkje i katalogen (og kan ikkje lesast i biblioteket). Nasjonalbiblioteket arbeider med avtale om innhausting og tilgjenge også for dette materialet.

Materialet i nettarkivet skal i utgangspunktet ikkje slettast. Dersom nokon skulle ønskje å slette materialet frå nettarkivet, er dette noko ein domstol vil måtte ta stilling til.

### 6.4.4 Sverige

Avleveringsplikt for elektroniske dokument i Sverige følgjer av *Lagen om leveransplikt för elektroniskt material (e-pliktlagen)*. Lova tok til å gjelde 1. juli 2012 og gjeld for det elektroniske materialet som blir gjort tilgjengeleg for allmenta i Sverige gjennom overføring i nettverk etter 31. desember 2014.<sup>23</sup>

Avleveringsplikta etter *e-pliktlagen* omfattar elektronisk materiale. Dette er definert i lova som «[...] en avgränsad enhet av en elektronisk

upptagning med text, ljud eller bild som har ett på förhand bestämt innehåll som är avsett att presenteras vid varje användning. Det elektroniska materialet ska vara av avslutad och permanent karaktär.»<sup>24</sup>

Dette omfattar dei filene som utgjer den enkelte nettsida, forutan programkoden, men også eventuelle databasar som ligg bak sidene. Formålet er å ta vare på informasjonsinnhaldet, ikkje å kunne vise sida slik ho såg ut på innsamlingstidspunktet. Lova gir ingen rett til innhausting. Materialet skal sendast i ein kopi til *Kungliga biblioteket*, som sjølv tek tryggingskopiar.

Det er først og fremst det materialet som har ein utgivar med såkalla særskilt grunnlovsværn etter *yttrandefrihetsgrundlagen*<sup>25</sup> som skal avleverast, jf. *e-pliktlagen* § 3. Dette vil typisk vere materiale frå forlag, aviser og kringkastingsbedrifter. Den som yrkesmessig distribuerer elektronisk materiale som berre blir publisert digitalt, skal også avlevera. Det kan til dømes gjelde e-bøker og musikk. Avleveringsplikta gjeld dessutan for statlege og kommunale styresmakter, og her er avleveringsplikta ganske absolutt.<sup>26</sup> Private nettstader og private ytringar på nett er ikkje omfatta av avleveringsplikta.

Det elektronisk avleverte materiale er i dag ikkje tilgjengeleg for publikum. *Kungliga biblioteket* viser på sine heimesider til at regjeringa skal kome tilbake med nærare regulering på området.<sup>27</sup>

*E-pliktlagen* omfattar ikkje innsamling av heile det svenske toppdomenet .se, men tilgangen til dette er regulert i ei eiga forordning frå 2002.<sup>28</sup> Det innsamla materialet blir gjort tilgjengeleg for forskarar i *Kungliga biblioteket*, på eigne terminalar.

I Sverige er det ikkje etablert noko konsejssystem i den svenske personopplysningslova. Den svenske *Datainspektionen* har heller ikkje problematisert i kva grad personvernet blir sikra eller ikkje ved innsamlinga etter forordninga.

<sup>23</sup> Rundt rekna femti medieføretak og offentlege myndigheter (såkalla overgangsleverandørar) har vore pliktige til å levere elektroniske dokument publiserte etter 31. mars 2013.

<sup>24</sup> Sjå *E-pliktlagen* § 2.

<sup>25</sup> Sjå *Yttrandefrihetsgrundlagen* (1991:1469) kap. 1 §§ 6 og 9.

<sup>26</sup> Dei unntaka som er oppstilte i *e-pliktlagen* §§ 6–9, gjeld ikkje for styresmaktene.

<sup>27</sup> Sjå Prop. 2011/12:121 (*Leveransplikt för elektroniskt material*) side 12.

<sup>28</sup> Förordning (2002:287) om behandling av personuppgifter i Kungl. bibliotekets digitala kulturarvprojekt



Sider med søkjemotorimmunisering blir ikkje samla inn i Sverige i dag. *Kungliga biblioteket* ønskjer ein tydelegare lovheimel for automatisk innsamling av den svenske delen av Internett. Det er per i dag ikkje sett i gang nokon prosess for å sikre dette.

#### 6.4.5 Finland

Den finske pliktavleveringslova, *Lag om deponering och förvaring av kulturmaterial*,<sup>29</sup> hadde den norske lova som førebilete. Ho tok til å gjelde i 2008.

Formålet med den finske pliktavleveringslova er å sikre at nasjonalt kulturarvmateriale blir bevart og stilt til disposisjon for forskarar og andre som treng det.

Nasjonalbiblioteket har heimel i den finske åndsverklova<sup>30</sup> § 7 til å framstille (kopiere og lagre) eksemplar av verk som er gjorde tilgjengelege for allmenta gjennom datanett<sup>31</sup> i eit eige nettarkiv. Det finske nasjonalbiblioteket har ei lov-pålagt plikt til å samle inn og ta vare på nettmateriale. Først og fremst haustar ein materialet inn. Der automatisk innsamling ikkje er mogleg, skal utgivaren anten opne sida for innsamling eller avlevere materialet sjølv.<sup>32</sup> Det er det finske nasjonalbiblioteket som sjølv vel kva materiale som skal haustast inn, og for kvar nettside der det førekjem søkjemotorimmunisering, blir det gjort ei konkret vurdering av om sida skal haustast eller ikkje.

Nettarkivet har som formål å lagre kulturarvmateriale, men blir formelt rekna som eit personregister, med pliktavleveringslova som nødvendig heimel for behandling av personopplysningane i dette registeret.

Utgangspunktet i Finland er at alt det innsamla materialet er offentleg, og at alle kan få tilgang til det. Klausulering eller sletting av materiale i nettarkivet krev i utgangspunktet ei domstolsavgjerd. Det følgjer likevel av straffelovgivinga at barnepornografi, dyrepornografi og valdspornografi skal fjernast fullstendig. Biblioteket kontrollerer ikkje aktivt innhaldet i webarkivet, men må reagere om noko av innhaldet blir kriminalisert. Materiale som klart inneheld sensitive personopplysningar, vil bli mørklagt på førespurnad. Ein er

<sup>29</sup> 28.12.2007/1433

<sup>30</sup> Upphovsrättslag 8.7.1961/404.

<sup>31</sup> Dvs. «material som finns tillgängligt på datanät», jf. den finske pliktavleveringslova kap. 1 § 3 nr. 5.

<sup>32</sup> Sjå den finske pliktavleveringslova kap. 3 § 8, «Skyldighet att möjliggöra hämtning av nätmaterial och att överlåta sådant».

heile tida i dialog med forskarmiljø om kva materiale som bør haustast og lagrast.

Det innhausta materialet blir gjort tilgjengeleg på terminalar i lokala til det finske nasjonalbiblioteket. Det er mogleg å søkje i nettarkivet, både med URL-søk og fritekstsøk.

#### 6.4.6 Andre land

Det er ikkje heilt klart kva slag digital innsamling som i dag er mest utbreidd internasjonalt. Lovfesta eller avtalebasert avlevering av elektroniske publikasjonar synest likevel mest utbreidd. Nasjonalbiblioteket i Portugal samlar til dømes inn elektroniske publikasjonar etter avtale, men dei har inga lov som regulerer web-innhasting. Samstundes har Portugal eit web-arkiv som er drive av den nasjonale stiftinga for datavitenskap,<sup>33</sup> og her hauster ein inn og gjer tilgjengeleg heile den portugisiske weben.<sup>34</sup> I Belgia, New Zealand og Japan har ein avleveringsplikt for elektroniske publikasjonar som blir formidla til sluttbrukaren på ein annan måte enn over nett, til dømes på fysiske berarar som DVD, CD og minnepinne. Tyskland, Latvia og Slovenia opererer med avleveringsplikt og innsamlingsrett knytt til nettpublikasjonar. I Storbritannia haustar ein nettdokument frå dei sidene som *UK Web Archive* i samarbeid med mellom anna *British Library* har gjort avtale med. Italia har formelt sett avleveringsplikt for nettdokument, men innsamlingsretten er avgrensa og følgjer av avtalar i tillegg til frivillig avlevering.<sup>35</sup>

I Frankrike og Luxembourg gjeld både avleveringsplikt og innsamlingsrett for nettdokument.<sup>36</sup> I Frankrike er det *Bibliothèque nationale de France (BnF)* som har ansvaret for innsamling av nettdokument, og dette blir gjennomført i samarbeid med *Internet Archive*. Heile det franske internettdomenet blir hausta, i tillegg til andre utvalde sider og tema som er relevante for Frankrike. Materialet blir dessutan gjort tilgjengeleg på totalt

<sup>33</sup> The National Foundation for Scientific Computing (FCCN).

<sup>34</sup> På webarkivets eigne nettsider minner dei om opphavsretten til materialet (utan å ta stilling til eiga kopiering og tilgjengeleggjering). Forholdet til eventuelle personopplysningar i dei innhausta nettsidene er ikkje omtala. For nærare informasjon, sjå: <http://sobre.arquivo.pt/legal-notice> (lesedato: 06.03.2015).

<sup>35</sup> Avleveringsinstitusjonane er Rome National Central Library og Firenze National Central Library.

<sup>36</sup> Avleveringsplikt for og innsamlingsrett til den franske delen av Internett følgjer av den franske åndsverklova «Loi relative au droit d'auteur et droits voisins dans la société de l'information» av 1. august 2006 nr. 2006-961 (DADVSI) kap. IV. For Luxembourg gjeld «Règlement grand-ducal du 6 novembre 2009 relatif au dépôt», sjå særleg art. 1 nr. 3 og art. 6 tredje ledd.

350 terminalar i *BnF* sine lokale i Paris og Avignon. Tilgangsvilkåra er dei same som for tilgang til anna pliktavlevert materiale.<sup>37</sup>

## 6.5 Høyringa

I høyringsnotatet sa departementet seg einig med Personvernkommissjonen og Personvernemnda i at det på bakgrunn av den teknologiske utviklinga var behov for å vurdere om vilkåret allment tilgjengeleg bør gjelde nettsider. Departementet såg også eit behov for å klargjere kva som skal til for at ei nettside er å rekne som eit allment tilgjengeleg dokument. Etter gjeldande pliktavleveringslov er den grunnleggjande føresetnaden for avleveringsplikt at eit dokument har vore gjort tilgjengeleg for allmenta. Departementet gav i høyringsnotatet uttrykk for at denne føresetnaden bør førast vidare også for digitale dokument.

Høyringsnotatet sondra mellom aktiv avlevering av digitalt avslutta materiale og innsamling av nettdokument. Departementet konkluderte med at det er formålstenleg at digitale, avslutta dokument blir avleverte på same måten som fysiske dokument, ved at utgivaren eller produsenten sender inn materialet til Nasjonalbiblioteket. Denne avleveringsplikta ligg klart innanfor rammene av gjeldande lovgiving.

Høyringsnotatet konkluderte vidare med at også dokument som er gjorde allment tilgjengelege gjennom Internett, er avleveringspliktige etter gjeldande lovgiving. Denne typen dokument står likevel i ei særstilling når det gjeld personvernet, fordi ei innsamling av dokumenta ikkje skjer ved at produsent eller utgivar (sideeigar) sender inn dokumenta til Nasjonalbiblioteket. Den mest formålstenlege innsamlinga skjer ved at mottaksinstitusjon sjølv samlar inn alle allment tilgjengelege nettsider gjennom bruk av ein «innsamlingsrobot».

Høyringsnotatet gjekk gjennom kva som låg i at eit nettdokument var å rekne som allment tilgjengeleg. Departementet meinte at både dokument som har ein såkalla robots.txt-protokoll og passordverna sider som kven som helst kan få tilgang til, er å rekne som «allment tilgjengelege» og dermed avleveringspliktige.

Lova er i dag avgrensa mot private ytringar, altså ytringar som er framførte i ein slutta krins. Reint private ytringar skal ikkje samlast inn og

takast vare på. Private ytringar vil til dømes omfatte e-post og andre personlege meldingar, dessutan private nettsider og bloggar som er verna med passord. Denne avgrensinga blei foreslått ført vidare for innsamla nettdokument.

Revisjonen har vidare som formål å regulere lagring og bruk av digitale dokument generelt og nettdokument spesielt. For denne typen dokument er det behov for særskild regulering ut over dei generelle reglane om behandling av personopplysningar i personopplysningslova. Spørsmål knytte til lagring og tilgjengeleggjering av materiale i nettarkivet er behandla i kapitla 7 og 8.

## 6.6 Synet til høyringsinstansane

18 av høyringsinstansane uttalte seg eksplisitt om innsamling (hausting) av nettsider.

Av dei høyringsinstansane som uttalte seg om spørsmålet, støtta eit fleirtal eksplisitt forslaget frå departementet om å opne for innsamling og lagring av allment tilgjengelege nettdokument. Dette er Norsk Bibliotekforening, Landslaget for lokal- og privatarkiv, Mediebedriftenes Landsforening, Nasjonalbiblioteket, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norsk medieforskerlag, Riksarkivaren, Universitetsbiblioteket ved NTNU, Universitetsbiblioteket i Tromsø, Statistisk sentralbyrå (SSB) og Østfold fylkeskommune.

*Riksarkivaren* skreiv:

Et viktig element i oppdateringen av loven er presiseringen av at Nasjonalbiblioteket har rett til å høste alt norsk materiale som blir gjort allment tilgjengelig gjennom elektronisk kommunikasjonsnett. [...] Dette vil være et viktig vitnemål om norsk kultur og samfunnsliv, i tråd med lovens formålsparagraf.

Riksarkivaren meiner dessutan at dette er eit viktig og nødvendig supplement til vern av arkiva til offentlege verksemder. *Norsk medieforskerlag* meiner det er urovekkjande at det ikkje har vore ei slik innsamling dei siste fire åra. *Mediebedriftenes landsforening* skriv at Nasjonalbiblioteket bør ha automatisk innsamling av nettet som hovudregel, også for betalingssider og liknande som krev passord, fordi dette er ei kostnadssparande løysing. Innsamlinga må samtidig skje på ein skånsam måte og ikkje belaste domeneeigaren unødvendig.

*Statistisk sentralbyrå* skreiv:

Internett er vår primære kanal for publisering. Vi ser frem til at Nasjonalbiblioteket kommer i

<sup>37</sup> Jf. [http://www.bnf.fr/en/professionals/digital\\_legal\\_deposit/a.digital\\_legal\\_deposit\\_web\\_archiving.html](http://www.bnf.fr/en/professionals/digital_legal_deposit/a.digital_legal_deposit_web_archiving.html) (lesedato: 06.03.2015).

gang med systematisk høsting av [SSBs] nettsider.

*Datatilsynet, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, Advokatforeningens IKT-utvalg og Skattedirektoratet* peikte i høyringa på at det er behov for ei enda betre sikring av personvernomsyna enn det Kulturdepartementet la opp til i høyringsrunden. *Advokatforeningens IKT-utvalg* hevda at eit slikt inngrep i privatlivet som er foreslått i høyringsnotatet, kan vere i strid med menneskerettane.

*Skattedirektoratet* såg behovet for å sikre digitalt materiale. Direktoratet gir uttrykk for at det er viktig at innsamlinga ikkje belastar nettsida unødvendig mykje, og ønskjer fleire tekniske detaljar rundt innsamlinga.

*Datatilsynet, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og Advokatforeningens IKT-utvalg* problematiserte også innsamling av passordverna sider og sider som nyttar søkjemotorimmunisering, mest kjend som «Robots Exclusion Protocol» (robots.txt). Desse høyringsinstansane meinte departementet legg til grunn ei for vid tolking av omgrepet «tilgjengeleg for allmenta». Dei meinte vidare at ved ei permanent lagring og lagring av innhaldsdata i fulltekst bør det leggjast klare føringar på kva som skal omfattast av elektronisk pliktavlevering, og at dette må avgrensast.

*Nasjonalbiblioteket* understreka derimot i høyringssvaret sitt at vanleg bruk av robots.txt berre er ei forretningsmessig skjerming av informasjon, ikkje ei tilgangavgrensing. *Skattedirektoratet* beskrev ein slik eigenbruk av robots.txt på skatte-etaten.no.

*Datatilsynet* meinte at det er behov for ein gjennomgang av regelverket for avlevering av dokument til det offentlege og innsamling av nettdokument. Dette vil gjere det mogleg for dei som blir utsette for innsamling, å sjå framover og planleggje på førehand.

*Datatilsynet* uttalte at dei:

[s]avner en overordnet drøftelse av hvilken betydning den teknologiske utviklingen og den ubegrensede innsamlingen på lang sikt vil få for den enkeltes personvern når opplysninger og ytringer fra nær sagt samtlige borgere i Norge om noen år vil være lagret i Nasjonalbiblioteket.

*Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet* viste mellom anna til Personvernemndas vedtak om Nasjonalbiblioteket i høyringssvaret sitt. Dei skreiv:

Automatisk høsting av nettsider utstyrt med søkjemotorimmunisering er ikke uproblematisk. Det at en nettsideeier har utstyrt sin nettside med søkjemotorimmunisering sender en klar beskjed til såkalte høstingsroboter («web crawlers») om at han eller hun ikke ønsker at siden skal indekseres. I realiteten innebærer det å bruke søkjemotorimmunisering på sine nettsider at sidene ikke er tilgjengelig for andre enn de som kjenner nettsidens domenenavn, ettersom sidene ikke vil dukke opp ved søk i søkjemotorer. Nettsidene vil kun være tilgjengelige for en avgrenset krets av brukere, nemlig de som har fått kjennskap til webadressen. Søkjemotorimmunisering, for eksempel ved bruk av robots.txt, bør derfor tolkes som en tilgangsbegrensning som medfører at nettsidene ikke lenger er «allment tilgjengelige». FAD mener at denne tilgangsbegrensningen bør respekteres av Nasjonalbibliotekets høstingsroboter. Dette synspunktet fremgår også i Personvernemndas vedtak om Nasjonalbiblioteket (PVN-2009-11).

*Advokatforeningens IKT-utvalg* skreiv:

I utgangspunktet må det kreves samtykke for at Nasjonalbiblioteket skal kunne samle inn nettdokumenter. Departementet har nevnt såkalt «søkjemotorimmunisering» og uttaler at dokumenter med søkjemotorimmunisering må likevel samles inn. Departementet sikter her til den etablerte industristandarden Robot Exclusion Protocol («robots.txt»). Ved hjelp av denne kan eiere av nettstedet angi om hele eller deler av nettstedet ikke ønskes indeksert eller arkivert av automatiserte prosesser, herunder søkjemotorer og diverse arkivtjenester.

Advokatforeningen mener at Nasjonalbiblioteket må følge den etablerte standarden. Denne brukes ikke til forretningsmessig skjerming, men til å la eiere av nettsteder angi at hele eller deler av nettstedet ikke er ment å bli indeksert eller arkivert.

Robot Exclusion Protocol gjør det mulig å si at nettstedets eier ønsker at Google skal kunne indekserer nettstedet, men f.eks. ikke The Internet Archive. På samme måte vil nettstedets eier kunne spesifisere om hele eller deler av nettstedet skal – eller ikke skal – være tilgjengelig for Nasjonalbibliotekets «crawler».

Advokatforeningen mener at korrekt oppførsel i samsvar med instruksjonene for Nasjonalbibliotekets crawler i robots.txt for det aktuelle nettstedet vil oppfylle krav til samtykke.

Advokatforeningen er enig med Personvernkommissjonen i at man bør være meget restriktiv til hvilke nettsteder som blir arkivert. Advokatforeningen anser derfor også Kulturdepartementets ønske om å arkivere mest mulig som et prinsipp, som kommer i strid med grunnleggende prinsipper til personvern og personlig integritet. Det såkalte hensynet til «arkivets integritet» kan ikke settes foran personlig integritet.

[...]

Advokatforeningen er meget kritisk til Kulturdepartementets forslag [som] innebærer et såpass betydelig inngrep i personlig integritet at forslaget ikke kan gjennomføres uten å komme i strid med menneskerettighetene.

*Skattedirektoratet* skreiv i sitt høyringsssvar at dei:

[...] stusser over [at departementet konkluderer med at bruken av robots.txt er til forretningsmessig skjerming] i og med at bl.a. Personvernemnda og Personvernkommissjonen har vist til bruk av robots.txt som mulig virkemiddel for å skjerm materialet av personvern hensyn, og at f.eks. slettmeg.no anbefaler slik bruk for å kontrollere tilgangen til bl.a. blogger.

*Skattedirektoratet* gjorde samtidig greie for ein eigen bruk av robots.txt som er i tråd med utgangspunktet til departementet:

Skatteetaten.no bruker imidlertid søkemotorimmunisering først og fremst for å legge til rette for en bedre nettside fordi innholdet på enkelte nettsider kan fremstå som misvisende eller irrelevant ved kategorisering av området som helhet. Det er for eksempel hensiktsmessig at tidligere års skattesatser er tilgjengelig på våre nettsider, men det er ikke nødvendigvis ønskelig at disse indeksres. For dokumentasjons- og forskningsformål er det imidlertid ikke noe i veien for at disse høstes inn.

*Nasjonalbiblioteket* skreiv i sitt høyringsssvar:

Departementets argumentasjon for avlevering av nettsider med søkemotorimmunisering er sammenfallende med Nasjonalbibliotekets vurdering og erfaring med slike nettsider. Nasjonalbibliotekets oppfatning er at selv om en web-side har en robots.txt-fil som ber søkeroboter om å ikke indeksere siden, må siden oppfattes som tilgjengeliggjort for allmennheten så

lenge den ikke er sperret for tilgang på andre måter. Vi mener at vanlig bruk av robots.txt ikke skal oppfattes som et signal om at innholdet på websidene det dreier seg om ikke bør tas vare på for ettertiden.

## 6.7 Vurderinga til departementet

Ved innsamling og bevaring av digitale dokument frå Internett må det takast stilling til korleis personvernomsyn skal sikrast. For fysiske, allment tilgjengelege dokument, som i dei aller fleste tilfelle har ein ansvarleg utgivar, vil spørsmål om personvern som hovudregel bli sikra som ein del av utgivingsprosessen. Tilsvarende vil gjelde for nettsider med ein ansvarleg redaktør. Dei fleste av nettdokumenta, slik som nettaviser, firmasider og sider som høyrer til offentlege organ, vil stort sett innehalde dokument med informasjon som ikkje reiser særlege spørsmål knytte til personvernet. Digitale dokument som blir lasta direkte ned frå nettet, vil derimot kunne utløyse personvernutfordringar.

Det er avgjerande at det blir etablert gode og tilstrekkelege tiltak for å sikre personvernet ved innsamling av nettmateriale. Det aller meste av nettmaterialet er personvernmessig heilt uproblematisk å samle inn og arkivere, men det er likevel viktig å etablere strenge reglar for tilgang til og god tryggleik for det som er samla inn. Det er også nødvendig å leggje inn tilstrekkelege tryggingmekanismer som gjer at ein kan avgrense tilgangen til eller ta ut informasjonen av nettarkivet som er blitt gjord tilgjengeleg for eit allment publikum ved ein feil.

Sjølv om det finst ein behandlingsheimel for innsamling av nettdokument i personopplysningslova, meiner departementet at innsamlinga av allment tilgjengelege nettsider til bruk for forskning og dokumentasjon bør heimlast i pliktavleveringslova, på lik linje med at behandling av personopplysningar for arkiv- og statistikkformål er regulert i egne lover. Dette er også i tråd med det som er uttalt både av Personvernkommissjonen og Personvernemnda.

I høyringsrunden har det blitt peikt på at ein del av dei ytringane som vil vere allment tilgjengelege på Internett, vil ha ein annan og meir privat karakter enn fysiske dokument som blir samla inn og tekne vare på i dag. Departementet legg til grunn at det vil vere rett å halde på kravet om at allment tilgjengelege dokument skal bevarast, også der det er snakk om innsamling av nettsider. Dette gjeld trass i at mengda av ytringar som er til-

gjengelege for offentlegheita, har auka monaleg etter at Internett blei allemannseige. Spørsmålet om kva som ligg i at eit nettdokument er å rekne som allment tilgjengeleg, er behandla særskilt nedanfor.

Frå eit bevarings- og dokumentasjonsperspektiv vil det utvida dokumenttilfanget ha stor verdi. Mykje av det som tidlegare blei avlevert som privatarkiv til Nasjonalbiblioteket og Arkivverket i form av privatbrev, dagbøker og anna, er no dokument publiserte gjennom digitale medium, særleg i form av bloggar, tekstar i sosiale medium og på Twitter. Dette er ein konsekvens av at det i dag er mange fleire som skriv mykje meir enn det tidlegare generasjonar med tilsvarande sosial, kulturell eller språkleg bakgrunn gjorde. At ein kan få publisert meiningane sine i ein offentleg kanal utan redaksjonell siling, har ført til ei demokratisering av den offentlege meiningsutvekslinga.

Vurderingar av dei personvernrelaterte konsekvensane av innsamling og bevaring av digitale dokument frå Internett har vore gjorde i fleire land gjennom dei seinare åra.

Mellom anna blei det ved siste lovrevisjon i 2005 i Danmark<sup>38</sup> gjort ei vurdering av dei personvernrelaterte problemstillingane ved pliktavlevering av digitale dokument. Det blei lagt til grunn at bevaring av kulturarv som blir formidla digitalt, er ei oppgåve av interesse for samfunnet, og at innsamling og registrering av offentleggjorde opplysningar ville kunne skje innanfor rammene av persondatalova.<sup>39</sup> Det blei likevel gjort eit unntak frå persondatalova når det gjeld sensitive opplysningar som ikkje er offentleggjorde av den registrerte, ved at det danske Kulturministeriet vurderde det slik at det danske materialet som blir offentleggjort i elektronisk kommunikasjonsnett, utgjer ein så vesentleg del av den danske kulturarven at det ligg ei viktig samfunnsinteresse i å bevare det. Departementet meiner at dei vurderingane som er gjorde i Danmark, har overføringsverdi til Noreg.

Vurderinga av kva som er nødvendig å samle inn og lagre for ettertida, skjer til dels allereie ved at det er bestemt at det berre er informasjon som faktisk er tilgjengeleg for allmenta, som skal samlast inn. Det er grunnleggjande for oppbygginga av eit truverdig forskingsrelatert kjeldemateriale at valet av kva som vil kunne vere interessant, ikkje blir gjort før innsamlinga. Kartlegging av

materialet på Internett, jf. punkt 6.2, viser dessutan at det vil vere vanskeleg å gjere gode selektive utval av bevaringsverdig materiale på førehand. Internettets raske utvikling og endring gjer det vanskeleg å lage gode kategoriar som kan fange opp fenomen som kan oppstå både i nær framtid og i eit lengre tidsperspektiv. Dette prinsippet for innsamling er også lagt til grunn i Danmark og Finland.

Samlinga hos Nasjonalbiblioteket skal så langt det er råd fungere som ei usensurert og fullstendig samling av alt materiale som er gjort allment tilgjengeleg for allmenta, og som er relevant for norske forhold. Ein føresetnad for å kunne praktisere ein informert ytringsfridom er at ein kan få tilgang til alt relevant materiale, og ein føresetnad for å kunne få tilgang til alt relevant materiale i usensurert versjon er at det faktisk er lagra hos eit sikkert og uhilda organ.

Frå eit kulturarvperspektiv bør det visast stor varsemd med å opne for å reservere eller slette materiale som faktisk er gjort tilgjengeleg for allmenta. For store inngrep i nettarkivet vil svekkje integriteten og vil dermed også kunne svekkje truverdet til forskinga på lengre sikt.

Frå eit personvernsperspektiv kan ein likevel ikkje sjå bort frå at det i særskilde tilfelle vil kunne oppstå situasjonar der det vil vere eit behov for klausulering eller sletting av enkelte dokument i nettarkivet. Departementet meiner at det bør vere mogleg i heilt spesielle tilfelle å opne for dette, til dømes i dei tilfella der det vil vere ei særleg belastning for den som opplysningane gjeld, om dei blir verande i nettarkivet og gjorde tilgjengelege for forskings- og dokumentasjonsformål.

### 6.7.1 Avlevering eller innsamling

Etter gjeldande pliktavleveringslov ligg det føre ei plikt til å *avlevere* «vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv». Dette inneber også ei plikt til å avlevere norsk digitalt materiale som er gjort allment tilgjengeleg gjennom bruk av elektronisk kommunikasjon via elektronisk kommunikasjonsnett, slik dette er definert i e-komlova<sup>40</sup> § 1-5. Dette vil mellom anna omfatte kringkasting og dokument som er publiserte på Internett.

Å måtte avlevere nettdokument er ei løysing som er upraktisk både for dei avleveringspliktige og for Nasjonalbiblioteket som mottaksinstitusjon. Forslaget frå departementet inneber ein klarare heimel for og forenkling av avleveringsplikta ved at Nasjonalbiblioteket får rett til å samle inn opne

<sup>38</sup> Bekendtgørelse om pligtaflevering af offentliggjort materiale (Bekendtgørelse nr. 636 af 13. juni 2005)

<sup>39</sup> Lov nr. 429 af 31. mai 2000 om behandling af personoplysninger

<sup>40</sup> Lov av 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon

nettsider. Samtidig blir den generelle avleveringsplikta for allment tilgjengelege digitale dokument ført vidare på lik linje med fysiske dokument.

Norsk digitalt materiale på Internett omfattar:

- digitale dokument frå det norske domenet (.no)
- digitale dokument frå andre domene som er særskilt tilrettelagde for norske forhold eller har norsk utgivar

Bevarings-, dokumentasjons- og forskingsomsyn taler for at målet må vere ei brei innsamling av nettdokument. Både Personvernkommisjonen og Personvernemnda argumenterer for at det bør gjerast ei avgrensing av det materialet som skal haustast inn og lagrast frå Internett. Utgangspunktet deira er at ein før innsamlinga skal vurdere kor nødvendig det er å behandle personoppløsningar.

Departementet meiner personvernet kan sikrast i tilstrekkeleg grad både gjennom informasjon om kva som skal samlast inn, om kva som er avgrensingane for tilgangen til det som er samla inn, og gjennom i visse tilfelle å opne for å kunne klausulere eller i nokre tilfelle å slette informasjon etter innsamling.

Nasjonalbiblioteket kan også inngå innsamlingsavtalar med forskjellige aktørar basert på andre vilkår. Dette vil mellom anna bety at Nasjonalbiblioteket i dialog med utgivaren kan vurdere om det er mest praktisk med innsamling eller avlevering av digitale dokument. Dette vil vere relevant til dømes ved innsamling av betalingsbaserte sider som fell innanfor verkeområdet til lova ved at dei er allment tilgjengelege.

### 6.7.2 Søkjemotorimmunisering

Søkjemotorimmunisering er ein standard som blir brukt for å gi beskjed til søkjerobotar (webcrawlarar) om at dei ikkje skal gå inn på heile eller delar av ei nettside som elles er offentleg tilgjengeleg. Mest brukt er «Robots Exclusion Protocol» eller «robots.txt protocol». Fleire høyringsinstansar meiner at nettsider med slik søkjemotorimmunisering bør sjåast som tilgangsgrensa, og at det bør krevjast samtykke forut for innsamling. Det blir argumentert for ei avgrensing av pliktavlevering for slike sider fordi dei ikkje kan reknast som allment tilgjengelege når ein ikkje kan søkje etter dei med emneord i kjende søkjetenester.

Departementet deler ikkje oppfatninga om at denne typen sider ikkje er allment tilgjengelege. Standarden for søkjemotorimmunisering fungerer som ein beskjed i form av ein «lapp på døra» til

søkjerobotar og er ikkje noko faktisk hinder for at ein søkjerobot kan få tilgang til den aktuelle sida. Beskjeden hindrar ikkje tilgangen til sida dersom ein kjenner sidenamnet.

Til dette kjem at sider som har robots.txt, vil kunne dukke opp ved eit Google-søk på sidenamnet med lenkje til sida og følgjande undertekst «Det finst inga tilgjengeleg beskriving for dette resultatet på grunn av robots.txt på nettstaden». Ein vil da få tilgang til sida ved å trykke på lenkja. Også dette tilseier at robots.txt ikkje er å sjå på som ei tilgangsgrensing.

Departementet meiner at det er viktig at også nettsider med søkjemotorimmunisering blir hausta inn. Utgangspunktet er at denne typen dokument er allment tilgjengelege. Søkjemotorimmunisering reduserer ikkje tilgangen til nettsidene dersom ein har adressa, men gjer at søkjemotorar ikkje listar sidene ved stikkordbaserte søk. At ei side bruker robots.txt, betyr altså ikkje det same som at ho er tilgangsgrensa.

Det er verdt å merkje seg at det blir presisert på den uavhengige informasjonssida *robotstxt.org* at robotar kan ignorere sider med robots.txt, og at sider som bruker denne protokollen, er offentleg tilgjengelege. På *robotstxt.org* blir det også presisert at robots.txt ikkje bør brukast dersom ein ønskjer å skjule informasjon. Google tilrår også på si eiga side om robots.txt å avgrense tilgangen til «konfidensiell» informasjon med til dømes passord.

Ei nærare vurdering av bruken av robots.txt og andre tilsvarende søkjemotorimmuniseringar viser at dei i svært stor grad blir brukte som forretningsmessig skjerming. Relevante sider som bruker denne protokollen, er regjeringa.no, som bruker robots.txt for å hindre nedlasting av dublettsider i mobilformat. Lovdata bruker robots.txt for å hindre konkurrentar i å indeksere gjeldande lover.

I fleire andre land som haustar Internett for kulturhistoriske formål (til dømes Danmark, Finland, Island og Canada), haustar og bevarer dei også nettsider med søkjemotorimmunisering. Dersom Nasjonalbiblioteket skulle la vere å samle inn sider med denne typen metainformasjon, meiner departementet at ein ville gå glipp av mykje viktig bevaringsverdig materiale. Ei slik avgrensing ville ramme heile sider som kunne vere av verdi for forskinga, og samtidig bety at ei rad nettsider ville bli svært mangelfulle. Til dømes bruker mange profesjonelle aktørar, til dømes nettaviser, robots.txt for å hindre indeksering av biletmateriale. Det betyr at berre sjølve teksten frå desse nettavisene vil bli hausta inn.

Sjølv om robots.txt først og fremst blir brukt som ein industristandard, er det private som bruker robots.txt for mellom anna å hindre arkivering av nettsider, etter tilråding av Datatilsynet og Personvernemnda. Det er umogleg å gjere eit overslag over omfanget av private sider som bruker robots.txt for å forhindre indeksering. Departementet har også gjort ei nærare kost-nytte-vurdering av å sile ut private nettsider som bruker robots.txt for å hindre tilgang til sida. Nasjonalbiblioteket anslår at kostnader ved manuell vurdering av nettsider med robots.txt varierer mellom 1,5 årsverk (dersom 1 pst. av private nettsider har robots.txt) og 15 årsverk (dersom 10 pst. har robots.txt). Basert på eit første anslag for dei private nettsidene ein har oversikt over i dag, vil vurdering av nye private nettsider krevje mellom 0,3 og tre årsverk. Det vil derfor vere uforholdsmessig kostnadskrevjande å vurdere alle private nettsider med robots.txt.

På denne bakgrunnen legg departementet til grunn at sider med søkjemotorimmunisering bør vere avleveringspliktige. Departementet meiner at dersom nokon vil sikre seg mot at eigne nettsider blir hausta inn og lagra, må dei leggja inn ei tilgangsgrensing slik at sidene berre blir tilgjengelege for ein slutta krins. Dette kan til dømes gjerast ved hjelp av passord. For å sikre personvernet må det etablerast gode tiltak og rutinar i samband med innsamling og lagring. Tilstreккеleg informasjon om at nettsider med søkjemotorimmunisering vil bli hausta og lagra, både før og under sjølve lagringa, er ein føresetnad. Departementet legg også opp til at det skal vere høve til å krevje at innsamla materiale på nærare vilkår skal kunne klausulerast eller slettast.

### 6.7.3 Passordverna sider

Passordverna sider er sider der tilgangen til informasjonen på sida er avgrensa fordi det er nødvendig med brukarnamn og passord for å få tilgang til heile eller delar av nettsida. Departementet erkjenner at det er behov for ei grundigare vurdering av kvar grensa for innsamling av slike sider bør gå. Ein vil kunne gå glipp av fleire interessante dokument for forskinga om slike sider ikkje blir hausta. I motsetnad til robots.txt er passordvern ei faktisk tilgangsgrensing. Som fleire høyringsinstansar har peikt på, vil innsamling av slike sider kunne vere utfordrande for personvernet.

For å kome høyringsinstansane i møte og syte for betre sikring av personvernet har departementet kome til at passordverna sider som hovudregel ikkje skal samlast inn. Unntatt frå denne hovudre-

gelen vil vere informasjon frå passordverna sider som ville blitt vurdert som allment tilgjengelege og dermed omfatta av avleveringsplikta dersom innhaldet hadde vore utgitt på papir. Døme på informasjon som vil vere avleveringspliktig etter dette unntaket, er medlemsblad ein må vere logga inn for å lese, informasjonssider og betalingsbaserte løysingar for nettaviser og tidsskrift. Andre døme kan vere nettbaserte læreverk eller oppgaver og liknande frå utdanningssektoren.

Nasjonalbiblioteket vil i samarbeid med eigar av sida måtte gjere ei vurdering av kva for informasjon som vil vere å rekne som allment tilgjengeleg. Det er også eit krav at «motytinga» for å få tilgang til materialet kan kome frå kven som helst, altså gjennom anten betaling eller registrering. Passordverna sider, som ein må vere invitert for å få tilgang til, vil ikkje vere å rekne som allment tilgjengelege og er dermed heller ikkje omfatta av avleveringsplikta.

Lukka medlemsprofilar, medlemslister eller lukka fora vil ikkje vere omfatta av avleveringsplikta, da profilane ikkje ville vere allment tilgjengeleg dersom det blei utgitt i papirform. Til dømes vil profilar som nordmenn har på datingsider (til dømes sukker.no og match.com), ikkje bli samla inn.

På Facebook vil sider som er opne for alle, kunne samlast inn fordi dei må reknast som allment tilgjengelege og dermed omfatta av avleveringsplikta. Sider som krev venneførespurnad med svar frå profileigar, vil ikkje vere omfatta av avleveringsplikta og kan dermed ikkje samlast inn, med mindre Nasjonalbiblioteket og profileigar avtaler at innsamling kan skje.

Personopplysningar som finst i medlemsblad eller liknande, vil på same måte som personopplysningar i avisartiklar måtte reknast som allment kjende. Personopplysningar frå medlemsprofilar vil derimot ikkje bli rekna som allment kjende. Dette skiljet er i samsvar med den løysinga Personvernemnda la til grunn i si avgjerd i den såkalla Nettby-saka.<sup>41</sup> Der har Nasjonalbiblioteket fått avlevert dei opne sidene etter at nettsamfunnet Nettby blei nedlagt, mens dei lukka medlemsidene ikkje er avleverte.

### 6.7.4 Anonymisering, forholdet til menneskerettane og «the chilling effect»

Som det går fram av kapittel 6.6, har Datatilsynet tilrådd bruk av anonymisering av persondata.

<sup>41</sup> PVN-2012-03 Nettby

Anonymisering betyr at ein fjernar informasjon som kan brukast for å identifisere ein enkeltperson. Ei slik anonymisering vil vere problematisk i eit kulturarvperspektiv. Anonymisering inneber mellom anna eit inngrep i og sensurering av innsamla informasjon, som igjen vil føre til at han taper seg i verdi eller mister verdien som kjelde-materiale for forskning og dokumentasjon. Anonymisering av nettsider vil vere både kostnadskrevjande og lite praktisk. Departementet tilrår derfor at personvernet blir sikra på andre måtar enn gjennom anonymisering.

Advokatforeningens IKT-utvalg sa i høyrings-svaret sitt at forslaget ikkje sikrar omsynet til personleg integritet og personvern i tilstrekkeleg grad. Ein av medlemmene i utvalet utdjuar dette synspunktet i eit eige høyringssvar. Han hevdar der at dei foreslåtte endringane kan utgjere eit så stort inngrep i privatlivet at dei kjem i strid med Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) art. 8.

EMK artikkel 8 nr. 1 vernar mot inngrep frå staten retten til privatliv, familieliv, heim og korrespondanse. Dette vernet er ikkje absolutt. Offentlege styresmakter kan gripe inn i privatlivets fred dersom det er fastsett i lov og nødvendig i eit demokratisk samfunn for å sikre eitt eller fleire legitime formål, jf. EMK artikkel 8 nr. 2. Vurderinga av kva som er nødvendig i eit demokratisk samfunn for å sikre eitt eller fleire legitime formål, er skjønnsbasert og kviler på ei konkret avveging av ei rad ulike omsyn. I dette tilfellet må kulturvernsomsyn og behovet for forskning og dokumentasjon vegast opp mot personvernsomsyn. Dette er legitime omsyn i eit demokratisk samfunn. Spørsmålet som må vurderast, er om ei slik innsamling er nødvendig av omsyn til kulturvernet, noko departementet meiner er tilfellet. Erfaring viser at det notida meiner har vore viktig å bevare, ikkje nødvendigvis er det same som ettertida har hatt behov for. Ei brei innsamling er viktig for kulturvernet, og det er derfor nødvendig å leggje til rette for slik innsamling.

Klare reglar for kva som skal samlast inn, og for korleis dette skal sikrast, og klare informasjonsrutinar både før og under sjølve innsamlinga vil gjere at alle som legg ut informasjon på nettet, kan ta nødvendige skritt for å avgrense tilgangen til informasjonen før innsamling der det ikkje er meininga at informasjonen skal vere allment tilgjengeleg. Forslaget opnar også for at innsamla materiale kan klausulerast eller i visse tilfelle slettast etter nærare opplyste føresetnader. Departementet meiner personvernet på denne måten blir sikra på ein god måte.

Når ein skal vurdere om slik innsamling av informasjon frå nettet er å rekne som brot på privatlivets fred, er det også relevant for vurderinga at det som blir samla inn, er informasjon som alle-reie er allment kjend, og som den det gjeld, sjølv i dei fleste tilfelle har valt å gjere offentleg tilgjengeleg gjennom publisering på Internett. Departementet meiner at forslaget ikkje er i strid med menneskerettane, og da heller ikkje EMK artikkel 8 om vern av retten til privatlivets fred.

«The chilling effect» er eit argument som blir brukt for å avgrense tilgangen til brei innsamling og lagring av nettsider. Teorien går ut på at informasjonsinnsamling og lagring av nettsider med ytringar av privat karakter vil kunne avgrense ytringsfridommen fordi det kan føre til at kommunikasjonen blir hemja. Ein går ut frå at enkeltpersonar vil vere varsame i ytringane sine på nett i frykt for at synspunkta deira blir lasta ned og lagra for ettertida. Det er enda ein gong viktig å understreke at det berre er ytringar som er gjorde allment tilgjengelege på nett, altså informasjon som alle kan gjere seg kjende med, som skal omfattast av pliktavleveringslova. Ytringsfridommen inneber fridom frå førehandssensur, men ikkje nødvendigvis høve til å fjerne ytringane etterpå. I eit demokratisk samfunn er det viktig at det er rom for å seie imot ytringar frå andre og gjere dei som har ytra seg, ansvarlege for det dei har sagt.

Det kan hevdast at om ein veit at offentlege ytringar vil bli lagra for ettertida, vil ein lett vere tilbakehalden med kva ein skriv i det offentlege rommet, og ikkje ytre seg i same grad i digitale medium som ein elles ville gjort. Det er ikkje mykje som tyder på dette når ein ser på utviklinga i nettdebattane dei siste åra. I kjølvatnet av terrorhandlingane 22. juli 2011 endra leiande aviser praksis, slik at debattantar ikkje lenger kunne vere anonyme, men måtte skrive under med fullt namn. Tanken var at dette ville gi ein meir gjennomtenkt og kvalifisert debatt. Det finst lite dokumentasjon som kan underbygge påstanden om «chilling effect» i denne samanhengen. I realiteten har ikkje tonen i debatten endra seg noko særlig. Det same er tydeleg i de pågående debattane om netthets mot kvinner og innvandrarak som ytrar seg offentleg. Eit krav om å skrive under fullt namn ser ikkje ut til å ha ein kjølande effekt på ytringane.

Datatilsynet gjennomførte i november 2013 ei undersøking av eventuell slik nedkjøling av debatten i Noreg.<sup>42</sup> Undersøkinga viser at forholdsvis mange opplyser at dei legg band på eigen aktivitet



på nett fordi dei er usikre på korleis opplysningane kan bli brukte seinare.

Mellom 18 og 27 pst. av dei spurde svarte at dei ville vere forsiktige med nettsøk, ytringar i sosiale nettsamfunn, å skrive under på opprop/kampanjar, korleis dei formulerer seg, eller kven dei kommuniserer med på nett, dersom norsk og utanlandsk etterretning overvaka og lagra innbyggjarane sin elektroniske kommunikasjon og nettbruk.

Departementet viser igjen til at det berre er allment tilgjengeleg informasjon som skal samlast inn, og at det innsamla materialet berre skal nyttast til forskning og dokumentasjon, med klare reglar for kven som kan få tilgang. Det innsamla materialet skal ikkje brukast til etterretning. Departementet meiner det er lite truleg at innsamling frå Internett for å bevare den digitale kulturarven vil ha kjølande effekt på ytringsmangfaldet.

Departementet meiner vidare at eit nettarkiv som inneheld alle offentlege ytringar på nett, vil vere ei viktig og sentral forskingskjelde som i framtida kan kaste lys over den debatten som går føre seg i det offentlege rommet i dag.

## 6.8 Forslag frå departementet

Departementet foreslår ein ny § 4 a som heimlar å samle inn norsk materiale som er gjort allment tilgjengeleg via nettet. Nettsider med robots.txt vil som utgangspunkt vere å rekne som allment tilgjengelege og derfor avleveringspliktige etter pliktavleveringslova. For passordverna sider vil det vere nødvendig med ein dialog med sideeigaren for å avklare om sida er omfatta eller ikkje.

Departementet foreslår ikkje endring i gjeldande lovtekst når det gjeld avgrensinga av kva norsk digitalt materiale på Internett omfattar. Utgangspunktet både for fysiske og digitale dokument er pliktavleveringslova § 4, jf. § 3: dokument som er gjorde tilgjengelege for allmenta i Noreg. Dokument som er laga i utlandet, skal avleverast dersom dei er laga for ein norsk utgivar eller særskilt tilpassa allmenta i Noreg. Dette vil til dømes omfatte dokument som er gjorde tilgjengelege av ein norsk utgivar på utanlandsk domene utan at materialet er særskilt tilpassa norske forhold.

Arkivering av Internett vil vere eit augneblinksbilete av korleis nettsidene såg ut på dette tidspunktet. Arkiveringa kan gi ei oversikt over

breidda av tilgjengeleg informasjon, eller ho kan gå i djupna for å dokumentere innhaldet på ei side. Ei tredelt innsamling av Internett vil samla sett sikre eit godt utval av digitale dokument for ettertida. Dette vil omfatte:

- **tverrsnittsinnsamling:** heile .no og norsk materiale frå andre domene blir hausta med jamne mellomrom
- **selektiv innsamling:** utvalde nettsider blir hausta med kortare intervall, som aviser og offentlege sider som regjeringa.no og stortinget.no
- **hendingsinnsamling:** utvalde sider blir lasta ned med kortare intervall i samband med større nasjonale hendingar

Denne kombinasjonen svarer til den vanlegaste løysinga for innsamling av nettdokument i andre land. Dette vil gi ei automatisert arkivering av breidda og djupna av alt innhald og dessutan sikre arkivering av innhald som ein reknar med har bevaringsverdi.

Nasjonalbiblioteket må dessutan etablere gode informasjonstiltak som både syter for informasjon om korleis ein kan avgrense tilgangen til kvar enkelt nettside og informasjon om at innsamling av ei nettside har skjedd, og kva ein eventuelt kan gjere dersom ein meiner denne innsamlinga er i strid med lova.

Det vil framleis vere mogleg å sikre seg mot at eigne ytringar blir hausta inn og lagra. Ved å sikre sidene med passord kan ein halde ytringane innanfor ein slutta krins slik at dei ikkje blir avleveringspliktige.

Det skal gjerast ei konkret vurdering ved innsamling av passordverna sider som likevel blir rekna som allment tilgjengelege. Det er berre passordverna sider som klart hadde vore rekna som allment tilgjengelege om dei var utgitte i eit anna format, til dømes på papir, som skal avleverast. Til dømes vil passordverna medlemssider for fagforeiningar vere å sjå på som allment tilgjengelege, men ikkje alt innhaldet ville vore omfatta av avleveringsplikta om informasjonen vart utgitt i eit anna format. Innhaldet på medlemssidene til ei fagforeining vil kunne vere sensitivt, da medlemskap i fagforeiningar er definert som sensitive personopplysningar, jf. personopplysningslova § 2 nr. 8. Personopplysningar frå passordverna sider som ikkje er allment kjende, skal ikkje samlast inn. Dette er ei innstramming i forhold til vilkåret i høyringsnotatet om at det berre var sensitive personopplysningar som ikkje skulle samlast inn.

Innsamling av nettdokument vil føre til at Nasjonalbiblioteket framstiller eit eksemplar av

<sup>42</sup> Datatilsynet og Teknologirådet (2014): Personvern 2014 – tilstand og trender. Oslo, januar 2014

dokumentet. I Danmark og Finland er det tilsvarende gitt ein eigen heimel for slik eksemplarframstilling, slik at sjølve innsamlinga ikkje skal vere i strid med reglane i åndsverklova. Ingen av høyringsinstansane hadde merknader til dette forslaget. Departementet foreslår derfor at det blir

teke inn ei føresegn i pliktavleveringslova om dette. Forslaget gjeld berre den eksemplarframstillinga som er nødvendig for at den faktiske innsamlinga skal kunne skje. Ei eventuell seinare tilgjengeleggjing av pliktavlevert materiale følger av åndsverklova og vil bli regulert i forskrift.

## 7 Avgrensingar i lagringsretten, klausulering og sletting av digitalt materiale i nettarkivet

### 7.1 Bakgrunn og gjeldande rett

---

Etter personopplysningslova er eit av vilkåra for å kunne behandle sensitive personopplysningar at dette er nødvendig for historiske, statistiske eller vitenskaplege formål, og at samfunnsinteressene ved slik behandling klart overstig ulempene dette kan gi for den enkelte, jf. § 9 bokstav h. Kulturdepartementet meiner det er formålstenleg at denne avveginga blir gjort av lovgivaren når det gjeld pliktavlevering, og at behandling av personopplysningar i det materialet som blir lagra i nettarkivet, blir regulert særskilt i pliktavleveringslova.

Pliktavleveringslova har i dag ei særskild føresegn i § 7 om pliktavlevering av inndregne dokument. Det er to vilkår som må vere oppfylte for at slike dokument skal vere avleveringspliktige. For det første skal dokumentet ha vore tilgjengeleg for allmenta i kortare eller lengre tid før det blir drege inn. For det andre skal utgivaren ha meint å gjere dokumentet tilgjengeleg for allmenta. Til dømes vil bøker som blir trekte frå den opne marknaden av personvernomsyn, likevel vere avleveringspliktige. Etter denne føresegna oppbevarer Nasjonalbiblioteket i dag ein rad dokument som er klausulerte.

### 7.2 Høyringa

---

Høyringsnotatet viste til at det er ei utfordring å sameine prinsippet om eigedomsrett til eigne personopplysningar med prinsippet i pliktavleveringa om mogleg verdi som kjelde i framtida. Departementet tok utgangspunkt i at det ikkje kan vere opp til kvar enkelt å bestemme kva som skal vere kjelde for forskning i framtida. Lovgivaren må avvege det kulturhistoriske perspektivet mot behovet for eit tilstrekkeleg personvern.

Høyringsnotatet la opp til at dei personvernproblemstillingane som vil kunne oppstå ved innsamling og lagring av alle allment tilgjengelege nettdokument, skal sikrast gjennom reglar om opnar for rett til tilsvar, klausulering eller i nokre

tilfelle sletting av særleg personsensitivt materiale. Samtidig foreslo departementet strenge reglar om avgrensing av tilgangen til personsensitivt materiale. Tilgangsspørsmålet er behandla nærare i kapittel 8.

Høyringsnotatet la vidare opp til at materiale som kan søkjast klausulert eller sletta, må vere av ein såpass personsensitiv karakter at det ikkje bør vere tilgjengeleg i noko format, sjølv langt fram i tid, eller at det må vere heilt klart at den personsensitive informasjonen aldri skulle vore gjort allment tilgjengeleg.

Ved innsamlinga av nettdokument vil ein utilsikta kunne få med ulovleg materiale. Dette kan vere materiale som er gjort tilgjengeleg i strid med opphavsrettslovgivinga eller personvernlovgivinga, eller dokument som straffelova har eit forbod mot, til dømes barnepornografi. Det kan også tenkjast at ein vil kunne få med materiale som aldri har vore meint for allmenta. Dette vil vere materiale som skal klausulerast eller slettast.

### 7.3 Høyringsinstansane

---

Det er ti av høyringsinstansane som uttala seg om dette spørsmålet.

Nasjonalbiblioteket, NTNU Universitetsbiblioteket, Universitets- og høgskolerådet, Landslaget for lokal- og privatarkiv, Norsk Bibliotekforening, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norsk medieforskerlag og Østfold fylkeskommune støttar forslaget til departementet.

*Nasjonalbiblioteket* skreiv at tilgangen til å slette i samlinga bør avgrensast, og at det ikkje bør vere mogleg å reservere seg mot innsamling. Nasjonalbiblioteket bad vidare om ei klargjering av kriterium for klausulering og sletting, og dei støtta skiping av ei nemnd. Dei skreiv dette om sletting i nettarkivet:

Departementet foreslår at det i særlege tilfeller skal kunne søkes om at materiale som er samlet inn fra nett skal kunne klausuleres og i noen

tilfeller slettes. Nasjonalbiblioteket har lang erfaring med klausulering av materiale, og denne lar seg godt overføre på digitale dokumenter.

Høringsnotatet skisserer to kategorier av dokumenter som kan klausuleres eller slettes. [...] Selv om Nasjonalbiblioteket er enig i at dette vil være materiale som det vanskelig kan forsvares at skal bevares for ettertiden, vil vi oppfordre til at adgangen til å slette materiale i den nasjonale samlingen begrenses i størst mulig grad.

*Norsk medieforskerlag* meinte at det er uheldig at materiale ikkje har blitt samla inn dei siste åra, og åtvare dessutan mot å opne for å slette i nettarkivet. Dei skreiv:

Situasjonen de siste fire årene, der slikt materiale ikke er systematisk bevart, har vært svært uheldig, særlig fra et forskningssynspunkt. NML mener derfor den nye loven bør inneholde bestemmelser som sikrer at en liknende situasjon ikke oppstår ved nye digitale innovasjoner som utfordrer forholdet mellom avleveringsplikt og personvern hensyn. Man bør f.eks. gi Nasjonalbiblioteket en mulighet til å samle inn materialet og på basis av en eventuell senere lovendring vurdere om noe må slettes/klausuleres av personvern hensyn.

NML er likevel bekymret for at departementet [...] åpner for sletting av historisk materiale. Vi vil anbefale at muligheten for å kreve inngrep mot sensitive personopplysninger i det arkiverte materialet begrenses til klausulering. Det vil gi enkeltpersoner tilstrekkelig vern, men samtidig sikre at historien ikke går tapt.

*Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet* meinte det er viktig at det blir etablert gode og funksjonelle rettar knytte til retting, klausulering og sletting. Dei skreiv:

Etter personopplysningslovens regler skal vurderinger av hvorvidt behandling av personopplysninger er nødvendig, foretas i forkant av innsamlingen. KUD argumenterer for at det bør være en vid adgang til å høste nettsider, ettersom man ikke på forhånd kan vite hvilket materiale som er av kulturhistorisk interesse. Dette vil kunne innebære at mye materiale som sannsynligvis ikke er ment tilgjengeliggjort for allmennheten, vil høstes for ettertiden. Dette vil kunne være problematisk i forhold til person-

vernet og bør tas i betraktning ved fastsettelse av tilgangsstyring. Det er også viktig at eigarane av opplysningane tilkjennes gode og praktiserbare rettigheter til retting, klausulering og sletting.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet hadde også merknader til særskilte problemstillinger knytte til korleis barn bruker Internett. Om dette skreiv dei:

En utvikling som i liten grad er problematisert i høringsnotatet, er den økte deltakelsen fra mindreårige, og de muligheter og utfordringer dette innebærer. Det er viktig å ivareta barns personvern fordi de ikke i samme grad som voksne er i stand til å skille mellom hva som bør holdes i den private sfæren, og hva som kan inngå i det offentlige liv (ofte omtalt som «backstage» og «frontstage»). Blogger, åpne kommentarfelt og sosiale medier har gjort det mulig for barn å delta i offentligheten uten at det utøves noen form for profesjonelt redaksjonelt ansvar. På grunn av den store mengden materiale produsert av barn på internett, tilsier hensynet til barns personvern at man bør gjøre konkrete vurderinger før man høster enkelte typer materiale på nett. Slik kan man sikre at ikke materiale som barna selv har ment skal holdes i den private sfære, automatisk høstes for ettertiden uten deres samtykke.

*Datatilsynet* viste til arbeidet med ny personvernforordning der «retten til å bli gløymt» er foreslått nedfelt, og meinte at dette personvernprinsippet må leggjast til grunn både med omsyn til innsamlinga av nettmateriale og rettar som retting, sletting og klausulering. *Datatilsynet* meinte også at anonymisering av nettarkivet er eit personvern-kompenserande tiltak som bør vurderast på nytt. Vidare meinte *Datatilsynet* at vilkåra for å få sletta dokument frå nettarkivet er for strenge, ved at ein berre kan krevje sletta materiale som inneheld sensitive personopplysningar. Dei skreiv:

*Datatilsynet* er enig i beskrivelsen av at det digitale samfunn har «mange stemmer». Det er et gjennomgående trekk ved forslaget at disse stemmene skal bevares, og at det skal skje uavhengig av hvem de er, hva de har ytret og om de har uttrykt noe ønske om at deres ytringer skal bli gjenstand for bevaring og forskning til evig tid. Tvert imot foreslås det at ytringene, gjerne av privat karakter, skal bevares selv om de har truffet tiltak for å forhindre det.

Datatilsynet er ikke enig i dette utgangspunktet. I høringsbrevet vises det blant annet til forslaget til ny personvernforordning, der prinsippet om retten til å bli glemt foreslås lovfestet. Dette innebærer at borgerne skal ha mulighet til å legge ting bak seg og til å kreve at digitalt innhold de ønsker å slette rent faktisk skal bli slettet. Det er positivt at departementet i høringsbrevet omtaler dette prinsippet, men Datatilsynet mener dette prinsippet langt på vei settes til side i utformingen av forslaget. Det uttrykkes bl.a. på side 31 at «det [kan] ikke være opp til hver enkelte å bestemme hva som skal befinne seg i fremtidens forskningsmessige kildemateriale». Dette knesetter det motsatte prinsipp, nemlig at den enkeltes selvbestemmelse må vike for andre hensyn. Nå har departementet riktig nok foreslått klausulering og mulighet for sletting, dog svært begrenset, men dette vil ikke i tilstrekkelig grad kompensere for det inngrepet en slikt overordnet føring vil ha i den enkeltes personvern.

[...] Datatilsynet driftet tjenesten slettmeget.no i to år og vi mottok en rekke henvendelser fra personer som ønsker innhold slettet som ikke var av sensitiv karakter i personopplysningsloven men allikevel gjaldt opplysninger de fleste vil synes er ømtålig og følsomme (for eksempel økonomiske forhold). Adgangen til å kreve materiale slettet bør derfor utvides til også å gjelde annet innhold enn det som er sensitivt.

## 7.4 Vurderinga til departementet

Det kan vere ei utfordring å sameine prinsippet i personvernet om eigeomsrett til eigne personopplysningar med prinsippet i pliktavleveringa om mogleg kjeldeverdi i framtida. Departementet held fast ved at det ikkje kan vere slik at det er opp til kvar enkelt å bestemme kva allment tilgjengelege nettdokument som skal vere kjelde for forskning og dokumentasjon i framtida. Lovgivaren må derfor avvege det kulturhistoriske perspektivet mot behovet for eit tilstrekkeleg personvern.

I høyringsrunden er det uttrykt uro for at staten sit på personopplysningar som kan brukast i andre samanhengar enn det dei var meinte for. Sidan det som ligg i nettarkivet, er informasjon som i utgangspunktet har vore tilgjengeleg for allmenta, kan ikkje departementet sjå at faren for myndighetsmisbruk av dette materialet skal vere spesielt stort. Det er heller ikkje slik at kven som

helst av framtidige arbeidsgivarar eller andre som ønskjer å undersøkje kva enkeltpersonar har lagt ut om seg sjølve på eit eller anna tidspunkt, skal ha tilgang til dette arkivet. For å få tilgang til arkivet må den som ønskjer tilgang, vise at det faktisk skal brukast til forskning eller dokumentasjon, og tilgang til uredigerte sider som inneheld person-sensitive opplysningar, vil vere tilgjengelege for forskning berre i lokala til Nasjonalbiblioteket.

For å kunne sikre personvernomsyn på ein god måte er utfordringa å avklare gråsona mellom det som blir rekna som allment tilgjengeleg, og det som blir rekna som privat i det digitale rommet. Døme på nettsider som kan vere i gråsona, er sosiale medium, nettsamfunn, brukarstyrte fora og private bloggar. Vilråa i lova er at det berre er dei sidene som er opne for allmenta, som skal kunne samlast inn. I dette ligg det at dersom ein blogg er passordverna eller ei facebookside er reservert for godkjende venner, skal dei heller ikkje samlast inn.

For dei meir private sidene innanfor sosiale medium som ikkje er passordverna, men der innhaldet klart er meint berre å skulle gjerast kjent for ein lukka krets, foreslår departementet å opne for at Nasjonalbiblioteket, etter søknad, gjer ei konkret vurdering av om heile eller delar av sida bør klausulerast eller i yttarste konsekvens slettast. Behandlinga vil skje på særlege vilkår. Slike sider kan vere av kulturhistorisk interesse og bør derfor i ein del tilfelle kunne bevarast, men terskelen for å klausulere slike sider ved førespurnad frå den som har oppretta dei, bør vere relativt låg. Det blir også lagt opp til at det skal vere høve til å knyte eit tilsvaret, motinnlegg eller ein merknad til konkrete nettdokument. Retten til tilsvaret er omtalt nærare i kapittel 9.

Nettarkivet vil bestå av allment tilgjengeleg materiale frå Internett. Utstrekning og redigering av slikt materiale vil kunne innebere ei uriktig attgiving av historia og vere ei form for historieforfalsking. Utgangspunktet er at nettarkivet skal gi eit bilete av det norske Internettet slik det var på innsamlingstidspunktet, som dokumentasjon av norsk kultur- og samfunnsliv. Det vil utgjere eit einestående kjeldemateriale for forskinga. Truverdet til forskinga er avhengig av at det ikkje blir redigert i kjeldene, og det er avgjerande at det ikkje skjer inngrep i arkivintegriteten.

Departementet erkjenner at det kan vere problematisk at det blir lagra informasjon som den registrerte verken har ønskt å leggje ut eller har gjort allment tilgjengeleg sjølv. Departementet foreslår derfor at vilkåret for å kunne krevje informasjon klausulert eller sletta ikkje blir knytt opp

mot at det dreier seg om sensitive personopplysningar, men at det er personopplysningar på private nettsider som ikkje er allment kjende. Døme på dette er informasjon om økonomiske eller familiarer forhold. Dette gir ein betre rett til klausulering eller sletting enn forslaget i høyringsnotatet.

Når det skal gjerast ei vurdering av om personopplysningane er allment kjende, må det vurderast om materialet faktisk har hatt eit avgrensa publikum. I den samanheng er det mellom anna relevant kor mange treff sida har hatt, og om sideeigaren har prøvd å setje i verk tiltak for å avgrense tilgangen til sida. Det kan også tenkjast situasjonar der det er klart at personopplysningane aldri skulle vore gjorde allment tilgjengelege. Slike situasjonar kan til dømes oppstå på bakgrunn av tekniske eller menneskelege feil.

Også der personar sjølv har lagt ut informasjonen på nett vel vitande om at informasjonen vil vere tilgjengeleg for allmenta, vil det i særskilde tilfelle kunne oppfattast så belastande at informasjonen blir verande tilgjengeleg, at det bør vurderast om personopplysningane skal klausulerast eller slettast frå det nasjonale minnet.

Det kan tenkjast situasjonar der myndige personar har tilgjengeleggjort personsensitiv informasjon om seg sjølv på private nettsider, blogggar eller andre sosiale medium, men at dei i ettertid oppfattar dette å vere til vesentleg ulempe for seg sjølve. Departementet erkjenner at det er behov for ei løysing som opnar for at privatpersonar i særskilde tilfelle kan søkje om at personopplysningar i dokument dei sjølve har gjort allment tilgjengeleg, skal klausulerast eller slettast frå nettarkivet. Opplysningane kan ha blitt publiserte på nett på eit tidspunkt da ein ikkje var i stand til å sjå konsekvensane av publiseringa, til dømes ved sjukdom, eller det kan vere at ein i ettertid opplever at ytringane har blitt ei stor belastning. Departementet meiner at når ein vurderer kva som skal reknast som vesentleg ulempe, bør det leggast vekt på synspunkta til den registrerte. Dette inneber ikkje at ein kan krevje å få alle opplysningar om seg sjølv klausulerte eller sletta, men at vedkomande må vise til kva personopplysningar og ytringar i konkrete enkeltdokument det gjeld. Behovet den enkelte har for klausulering eller sletting skal også vegast opp mot interessa samfunnet har for at nettsida blir bevart for ettertida.

Barn har eit særleg behov for personvern. I dag er mange barn og unge aktive på Internett og publiserer store mengder informasjon om seg sjølve og andre på private heimesider, blogggar og i sosiale medium. Det finst mange døme på at barn har lagt ut bilete og opplysningar som dei seinare

har angra på, og som har fått konsekvensar barnet ikkje kunne skjønne på førehand. Departementet foreslår at informasjon som ikkje er allment kjend, og som gjeld barn under 18 år og andre personar som ikkje er myndige, blir klausulert eller sletta på førespurnad. Barn over 12 år bør ha rett til å bli høyrde i saka dersom dette er nødvendig. I dei situasjonane der ein mindreårig person og føresette er usamde om sida skal slettast, meiner departementet at dokumentet bør klausulerast, og at saka kan vurderast på nytt når personen har blitt myndig. Dersom personen var mindreårig på det tidspunktet informasjonen gjeld for, er det rimeleg at det er dette som avgjer om ein kan krevje at informasjonen blir sletta eller klausulert. Dette inneber til dømes at informasjon som stammar frå den tida personen var mindreårig, kan krevjast klausulert eller sletta sjølv etter personen er blitt myndig.

Personvernkomisjonens rapport peiker på at ein må vurdere om mottakaren av materialet har ei plikt til å anonymisere identifiserbare opplysningar når formålet med bruk av opplysningar er oppfylt. Dette er eit lovkrav i dag, jf. personopplysningslova § 28. Det kan stillast spørsmål ved om det kulturhistoriske formålet kan seiast å vere oppfylt. Tilsvarende krav er også tekne inn i utkastet til ny personvernforordning. Sjølv om forordningsutkastet enno er til behandling, er det interessant at det der er teke inn eit unntak frå kravet dersom formålet ikkje kan oppfyllast med anonymiserte data, jf. artikkel 83 (1). I denne vurderinga, der lovgivaren skal ta stilling til behandlinga av personopplysningar, kan det vere rimeleg å leggje det same omsynet til grunn. Det er grunn til å gå ut frå at dokumenta vil kunne miste den kulturhistoriske verdien ved at informasjonen blir anonymisert, og at formålet med behandlinga er å ta vare på heile dokumentet nettopp av kulturhistoriske årsaker.

Pliktavlevert materiale som grunnlag for forskning og dokumentasjon vil ikkje i tilstrekkeleg grad kunne oppfylle formålet sitt med anonymiserte data. Det pliktavleverte materialet skal mellom anna danne ei samling av det norske forfattarar, skribentar, fotografar og filmskaparar har gjort tilgjengeleg for allmenta, uavhengig av format. For at det skal vere mogleg å nytte nettarkivet som kjelde til forskning og dokumentasjon, er det avgjerande at dei som skal ha tilgang til arkivet, kan søkje på personopplysningar, så som namnet på forfattern eller informasjon om omtalte personar. Dei ideelle rettane til opphavsmennene tilseier også at namnet på forfattar eller fotograf blir knytt til det verket dei har skapt. Ein biograf

som leiter opp informasjon om livet til den biograferte i nettaviser, elektroniske tidsskrifter, omtalar på bloggar eller andre digitale dokument, er avhengig av at arkivet er så fullstendig som mogleg, og at ein også kan identifisere ytringar frå den biograferte frå fortida, før vedkomande blei kjend. Eit anonymisert nettarkiv vil ikkje kunne oppfylle formålsparagrafen i pliktavleveringslova.

Når det gjeld nettdokument som er ulovlege etter anna lovgiving, meiner departementet at dei kan delast i to kategoriar:

Dokument som etter straffelova<sup>1</sup> er ulovlege å sitje på, meiner departementet bør bli sletta frå nettarkivet med det same Nasjonalbiblioteket oppdagar dei. Dette vil til dømes gjelde barnepornografi etter straffelova § 204 a.

Dokument som inneheld informasjon som er lagd ut på Internett i strid med opphavsrettslege eller personvernrettslege føresegner og er hausta inn i nettarkivet, kan i staden klausulerast etter avtale med opphavsmannen eller den informasjonen gjeld med det same Nasjonalbiblioteket blir merksam på dokumentet. Dokumenta bør klausulerast i minimum 15 år. Ein slik praksis korresponderer med gjeldande føresegn i pliktavleveringslova § 7, som slår fast at også inndregne dokument skal avleverast, men klausulerast. I nokre tilfelle kan ein også vurdere å slette materialet.

## 7.5 Forslag frå departementet

Departementet foreslår ein heimel som opnar for klausulering eller i somme tilfelle sletting av sider som ikkje er underlagde redaktøransvar etter mediefridomslova § 3.<sup>2</sup> Det som kan krevjast klausulert eller sletta, er materiale som ikkje har vore meint for allmenta, utvilsamt feilaktig utlagt materiale og materiale om tredjeperson som denne ikkje har gjort kjent for allmenta. I tillegg kan det i særskilde tilfelle opnast for klausulering eller sletting av materiale som ein person sjølv har gjort allment tilgjengeleg, dersom det vil vere til særleg ulempe for vedkomande at opplysningane blir

bevarte i nettarkivet og gjorde tilgjengelege for forskingsformål. Departementet foreslår i tillegg at krav om klausulering eller sletting alltid skal oppfyllest der opplysningane gjeld barn under 18 år eller personar under verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne.

For dei tilfella der Nasjonalbiblioteket avslår ein søknad om klausulering eller sletting, vil Kulturdepartementet nemne opp ei eiga nemnd til å avgjere klagar på avslag. Nemnda vil bestå av tre personar med ein jurist som leiar og éin medlem oppnemnt etter forslag frå Datatilsynet og éin etter forslag frå Nasjonalbiblioteket. Kongen vil fastsetje nærare føresegner om nemnda. Departementet legg til grunn at nemnda skal vere ein tryggingssventil, og at saksmengda ikkje vil vere særleg omfattande.

Klausulering inneber at informasjonen ikkje skal takast ut av nettarkivet, men at han blir tilgangsgrensja på ein slik måte at det i eit nærare spesifisert tidsrom ikkje blir gitt tilgang til materialet sjølv om nokon skulle søkje om det. I utgangspunktet bør klausulering på bakgrunn av personvernomsyn gjelde i 60 år, som svarer til den alminnelege teieplikta etter forvaltningslova. I nokre tilfelle kan det vere aktuelt med ein lengre klausuleringsperiode, til dømes at materialet ikkje skal gjerast tilgjengeleg før etter at den som er omtalt, er død. I nokre typar saker er det fastsett teieplikt ut over 60 år, til dømes barnevernssaker (80 år) og adopsjonssaker (100 år). Departementet meiner elles at det i kvart enkelt tilfelle bør gjerast ei konkret vurdering av om det er særskilt behov for ei lengre klausulering enn 60 år.

Personar som meiner at det ligg informasjon om dei sjøve i nettarkivet som er ulovleg lagd ut etter anna lovgiving, kan ta kontakt med Nasjonalbiblioteket og be om at denne informasjonen blir klausulert og i spesielle tilfelle sletta. Departementet foreslår at dokumenta i slike tilfelle bli klausulerte i minst 15 år.

Departementet foreslår ein ny § 4 b som skal regulere behandling av personopplysningar i nettarkivet. Krypterte dokument skal ikkje lagrast i nettarkivet. Dette er ikkje dokument som er å rekne som allment tilgjengelege.

<sup>1</sup> Lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig straffelov § 204 a

<sup>2</sup> Lov 13. juni 2008 nr. 41 om redaksjonell fridom i media

## 8 Tilgang til nettarkivet

### 8.1 Bakgrunn

---

Departementet meiner at den beste måten å sikre personvernet og dei kulturhistoriske omsyna på er å avgrense tilgangen til materialet. Når det gjeld materialet i nettarkivet, legg ein derfor opp til ein differensiert tilgang for å leggje til rette for ei tilstrekkeleg sikring av det materialet som inneheld personopplysningar.

### 8.2 Gjeldande rett

---

Tilgang til og bruk av både fysisk og digitalt materiale er i utgangspunktet berre for forskning og dokumentasjon, jf. pliktavleveringslova § 1.

### 8.3 Høyringa

---

Av omsyn til personvernet la departementet i høyringa opp til ei tilgangsavgrensing for materialet i nettarkivet som er strengare enn for pliktavlevert materiale elles. I tillegg til kravet om at det berre skal givast tilgang dersom materialet skal brukast til forskings- og dokumentasjonsformål, la departementet opp til at private nettsider som inneheldt sensitive personopplysningar, berre skulle opnast for tilgang for forskarar på særskild terminal ved Nasjonalbiblioteket. Klausulert materiale blei foreslått fullstendig tilgangsavgrrensa i klausuleringsperioden.

### 8.4 Høyringsinstansane

---

Det var sju av høyringsinstansane som hadde direkte merknader til tilgangen til nettarkivet.

*Nasjonalbiblioteket* skreiv:

Nasjonalbiblioteket ser at det er behov for å begrense tilgangen til det mest sensitive materialet som er høstet fra Internett, da det kan være belastende for den det gjelder at dette forblir tilgjengelig. Ut fra et bevaringsperspektiv er en begrensning i tilgangen til dette materia-

let klart en bedre løsning enn at innholdet slettes fra det nasjonale minnet.

Den differensierte tilgangen som er foreslått vil gjøre det mulig å gi videre tilgang til det materialet som ikke byr på personvernmessige utfordringer, samtidig som det kun gis restriktiv tilgang etter søknad til det mest sensitive materialet. Dette er en god løsning som også er håndterbar praktisk sett.

Nasjonalbiblioteket meinte også at det er viktig at kategoriseringa blir klar, og at det må opnast for at materiale kan overførast frå ein kategori til ein annan etter nærare avtale.

*Norsk Journalistlag* meinte at journalistar bør ha same tilgang til materialet som forskarar.

*Norsk Redaktørforening* understreka at det er viktig at dokumentasjonsomgrepet ikkje blir gjort for snevert. Tilgang til denne typen historisk materiale er viktig frå ein journalistisk ståstad. Det er dessutan uklart korleis dei forskjellige kategoriane nettmateriale skal gjerast tilgjengeleg. Dei meinte dessutan at det er underleg med 70 års klausulering.

*Norsk Bibliotekforening* var opptekne av at pliktavlevert materiale i digital form blir gjort tilgjengeleg for forskning og dokumentasjon også utanfor lokala til Nasjonalbiblioteket. Denne merknaden var knytt til alt digitalt materiale.

*NTNU – Universitetsbiblioteket* understreka at tilgang til nettdokument må kunne skje frå arbeidsplassane til forskarane, uavhengig av tilgangskategori. Sikring må skje på annan måte enn gjennom avgrensing til utstyr og lokalitet.

### 8.5 Vurdering og forslag frå departementet

---

Avgrensing av tilgangen til nettarkivet er både ein nødvendig og god måte å sikre personvernet på. At det er få av høyringsinstansane som uttrykkelig har uttalt seg om dette, oppfattar departementet som eit godt grunnlag for å byggje på forslaget i høyringsnotatet.



For å imøtekomme dei høyringsinstansane som har uttrykt bekymring for personvernet ved innsamling og bevaring av nettdokument, foreslår departementet å avgrense tilgangen ikkje berre til sensitive personopplysningar, men også til person-

opplysningar som ikkje er allment kjende. På bakgrunn av dette foreslår departementet å gi tilgang til nettarkivet i samsvar med ei inndeling av materialet i kategoriar som følgjer:

	Tilgang	Materiale
Kategori 1:	Nettarkiv ope for alle	Til dømes nettsider frå statlege institusjonar
Kategori 2:	Nettarkiv ope i lokala til Nasjonalbiblioteket og universitets- og høgskulebiblioteka	Sider frå nettstader med ansvarleg redaktør for innhaldet og sider som ikkje inneheld personopplysningar som ikkje er allment kjende
Kategori 3:	Nettarkiv ope for forskarar etter søknad på særskild terminal ved Nasjonalbiblioteket	Digitale dokument som ikkje har vore underlagde eit redaktøransvar, og som inneheld personopplysningar som ikkje er allment kjende
Kategori 4:	Nettarkiv ikkje tilgjengeleg	Klausulert nettinnhald

Materiale i kategori 1 vil vere ope tilgjengeleg på nettstaden til Nasjonalbiblioteket. Dette vil kunne omfatte digitale dokument frå nettsider frå offentlege institusjonar og sider der Nasjonalbiblioteket har gjort avtale med sideeigarar om allmenn tilgang.

Kategori 2 vil innehalde dokument med ein ansvarleg redaktør for innhaldet, slik at dei personvernrelaterte problemstillingane vil vere minimale. Denne kategorien vil ein kunne gjere tilgjengeleg på eigne terminalar ved universitets- og høgskulebibliotek.

Kategori 3 i nettarkivet vil omfatte nettsider som ikkje er underlagde eit redaktøransvar, og som inneheld personopplysningar som ikkje er allment kjende. Dette vil kunne vere heimesider eller bloggar som inneheld informasjon som ikkje er enkelt tilgjengeleg gjennom andre kanalar, slik som økonomiske forhold og familiære forhold i tillegg til sensitive personopplysningar som ikkje er allment kjende. Denne delen av nettarkivet vil bli gjort tilgjengeleg berre for forskarar i lokala til Nasjonalbiblioteket, på særskilde terminalar. Tilgang til denne delen av nettarkivet kan ein berre få etter søknad.

Kategori 4 vil kunne innehalde digitale dokument som inneheld dokument med sensitive personopplysningar som kan klausulerast for ein periode. Dette vil vere nettdokument som kan innehalde personopplysningar som i dag blir

rekna som sensitive, men som i eit tidsperspektiv har såpass høg bevaringsverdi at dei ikkje bør slettast frå arkivet. I Arkivverket gjer ein dei same vurderingane for arkivmateriale. Klausulert materiale skal gjerast tilgjengeleg berre etter avtale med den som har kravd klausuleringa.

Digitale dokument, det vil seie dokument som er gjorde tilgjengelege digitalt, som e-bøker, digitale aviser og filmar, vil bli gjorde tilgjengelege på tilsvarende måte som fysiske dokument, det vil seie ved pliktavleveringsinstitusjonane. Dette er Nasjonalbiblioteket og universitets- og høgskulebibliotek.

Nasjonalbiblioteket vil ha høve til å gjere digitale dokument frå Internett tilgjengelege for allmenta på nettsidene sine etter samtykke frå den som er ansvarleg for nettstaden. Dette vil først og fremst vere offisielle nettsider som høyrer til offentlege institusjonar, som til dømes regjeringa.no og stortinget.no. På same måten kan det omfatte nettsider som Nasjonalbiblioteket er bedne om å sikre, som pandemi.no, som var Helsedirektoratets informasjonssider om pandemien i 2009.

Departementet foreslår ei eiga føresegn om tilgang til materiale i det digitale nettarkivet. Bruk av pliktavlevert materiale som er opphavsrettsleg verna, skal regulerast nærare i åndsverklovgevinga.

## 9 Informasjonsplikt og retten til tilsvar

Behandling av personopplysningar bør som utgangspunkt skje på bakgrunn av eit informert samtykke. Det er derfor viktig at Nasjonalbiblioteket informerer om at opne, allment tilgjengelege nettsider blir samla inn og lagra for ettertida. Det må dessutan informerast om at dersom ein ikkje ønskjer at ei side skal lagrast i nettarkivet fordi ho ikkje er meint for allmenta, må ein sjølv syte for å avgrense tilgangen til ho. I praksis vil det som oftast innebere ei eller anna form for passordvern.

Ein informasjonsstrategi bør ha som mål å bevisstgjere både allmenta generelt og spesifikke målgrupper om at Nasjonalbiblioteket vil lagre nettpublisert stoff. Eit viktig tiltak er å inngå eit samarbeid med NORID<sup>1</sup> for å nå eigarane av alle norske domene. Dette tiltaket sikrar informasjon til dei som eig eit domene, men ikkje nødvendigvis til dei som ytrar seg på dette domenet. Derfor må informasjon via NORID supplerast med meir målretta tiltak for spesifikke grupper. Det vil vere særleg aktuelt for ungdom og unge vaksne. Ein kan til dømes informere gjennom skuleverket og i lærarutdanningsinstitusjonar. Sosiale medium,

faglege nettverk og interesseorganisasjonar kan vere andre relevante informasjonskanalar, i tillegg til annonseringsplassar på sentrale nettstader.

Både av omsyn til personvernet og ytringsfridommen vil det vere tenleg at Nasjonalbiblioteket etablerer ei ordning der merknader eller tilsvar kan knytast til innhald som finst i nettarkivet. Det er teknisk mogleg å knyte ein kommentar til ei gitt nettside, som kan identifiserast ved ein URL-kode. Ei slik ordning vil ein kunne gjennomføre utan at det blir gitt allmenn tilgang til arkivet for å søkje etter personopplysningar. Det vil seie at ein positivt må vite kva slags informasjon som er lagra om ein sjølv. Dersom ein ikkje veit akkurat kva som er lagra, kan ein be Nasjonalbiblioteket om å søkje opp denne informasjonen. Dette kan til dømes vere aktuelt ved identitetstjuveri. Da vil vedkomande i neste runde kunne få ei nemndavgjerd på at informasjonen skal klausulerast, eller i yttarste konsekvens slettast. Private brev som er lagde ut på ein nettstad utan at avsendaren har ønskt det, kan bli hausta. Dette er informasjon som avsendaren kan søkje tilgangsavgrensa, eller til og med sletta, om den uønskte publikasjonen blir oppdaga.

<sup>1</sup> Registreringseininga for .no-domenet driv og held ved like den sentrale databasen for alle norske domenenamn.

## 10 Kringkasting

### 10.1 Bakgrunn

---

Radio og fjernsyn har vore gjennom eit hamskifte sidan avleveringsplikt for kringkasting blei innført da lova tok til å gjelde i 1990. Viktigast er overgangen frå fysiske til digitale signal. Fleire aktørar er komne til, og desse har oppretta fleire kanalar. No blir sendingane i alle NRKs riksdekkjande og lokale radio- og TV-kanalar avleverte til Nasjonalbiblioteket. Det same gjeld sendingane frå TV 2, TVNorge, P4 og Kanal 24.

Overgangen til digitale sendingar har gjort at avleveringa som før skjedde på fysiske format som band og kassettar, no skjer på filformat. Nasjonalbiblioteket lastar inn kanalane over nettet som 24 filer per kanal i døgnet. I tillegg kjem avlevering av alle NRKs distriktssendingar på radio og TV.

### 10.2 Gjeldande rett

---

I samsvar med pliktavleveringslova § 4 skal kringkastingsprogram avleverast i eitt eksemplar. Det er den som i kraft av lov eller konsesjon har rett til å drive kringkasting, som er avleveringspliktig, jf. pliktavleveringslova § 5. Særskilde føresegner for opptak av kringkastingsprogram finst i forskrifta.

Forskrifta kapittel 10 seier at NRK skal avlevere alle sendingane sine «med dei avgrensingane som Bern-konvensjonen tilseier». Det vil seie at utanlandske program i utgangspunktet ikkje er avleveringspliktige.

Konsesjonskrava i § 33 i forskrifta gjer at sendingar særskilt retta mot Noreg frå utlandet ikkje er omfatta av avleveringsplikta. TV3 og TVNorges tilleggskanalar FEM, MAX og VOX blir såleis ikkje avleverte. Desse kanalane sender ein del norske program og seriar som ikkje blir avleverte i dag.

Lokalkringkasting i Noreg skjer primært ut frå tildelte konsesjonar. Men talet på lokalkringkastarar har blitt så stort at Nasjonalbiblioteket ikkje har hatt ressursar til å krevje avlevering av dei, med unntak av stikkprøvar av lokal-TV fem veker i året. Talet på lokal-TV-kringkastarar har gått ned

dei siste åra, gjennom nedleggingar, samanslåingar og oppkjøp og innlemming i mediehus som også sender nett-TV.

### 10.3 Høyringa

---

Departementet foreslo i høyringsnotatet å fjerne konsesjonskravet som vilkår for avleveringsplikt. Grunngevinga er at dei generelle kriteria i lova om at avleveringsplikta gjeld for informasjon som er laga av eller for norsk utgivar eller særskilt tilpassa allmenta i Noreg, må gjelde for alt kringkasta materiale, uavhengig av konsesjon.

### 10.4 Høyringsinstansane

---

Det var fire av høyringsinstansane som hadde merknader til forslaget om å fjerne krav om konsesjon som vilkår for avleveringsplikt. *Nasjonalbiblioteket*, *Norske filmregissører (NFR)* og *TV 2* støtta uttrykkeleg forslaget.

*TV 2* støtta forslaget og meinte dessutan at Nasjonalbiblioteket sjølv bør gjere opptak av aktuelle sendingar, framfor at kringkastarane skal avlevere. Eit argument for dette er at det er mindre kostbart. *Mediebedriftenes Landsforening* meinte forslaget var noko uklart, og ønskte mellom anna ei avklaring av om nettaviser er omfatta av denne føresegna.

### 10.5 Vurdering og forslag frå departementet

---

Departementet held fast ved forslaget om å fjerne konsesjonskravet som vilkår for avleveringsplikt. Ei fjerning av konsesjonskravet vil bety at kringkastarar som sender frå Noreg, vil bli omfatta av pliktavleveringa. Fjerning av konsesjonskravet vil også føre til at Nasjonalbiblioteket vil kunne krevje avlevering av sendingar særskilt retta mot Noreg frå utlandet. Dette vil til dømes omfatte TV3 og TVNorges tilleggskanalar. Dette vil innebære at TV-distributørane vil bli pålagde avleve-

ringsplikt til dømes for TV3s sendingar, sidan det er TV-distributørane som gjer sendingane tilgjengelege i Noreg, og altså er å rekne som importør etter pliktavleveringslova § 3.

Avleveringsplikta vil gjelde for dei som driv med kringkasting og fjernsyn, slik desse omgrepa er definerte i kringkastingslova<sup>1</sup> § 1-1 bokstavane a og c. Dette inneber mellom anna at kringkasting

---

<sup>1</sup> Lov av 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester.

som skjer via Internett (direktesend nett-TV), også vil vere avleveringspliktig. Departementet legg opp til at det framleis skal vere avleveringsplikt for denne typen dokument, men kringkastarar og Nasjonalbiblioteket står fritt til å avtale andre avleveringsformer, til dømes innsamling.

Departementet foreslår at pliktavleveringslova § 5 blir endra slik at det ikkje er eit kriterium for avleveringsplikt at kringkastaren har konsekssjon. Lovendringa vil måtte følgjast opp med ei forskriftsendring.

## 11 Språkbanken

Nasjonalbiblioteket fekk i 2010 ansvar for å realisere ein norsk språkbank, som ei oppfølging av språkmeldinga frå 2008, jf. St.meld. nr. 35 (2007–2008). Språkteknologisk forskning og utvikling krev tilgang til omfattande digitale tekst- og talekorpus. Utviklinga av slike korpus er både tid- og kostnadskrevjande. Materialet må samlast inn, rettsklarast, digitaliserast og foredlast gjennom koding og tilføyning av metadata av forskjellig slag. Bruken av desse korpusa er retta mot dei språklege strukturane og ikkje det substansielle innhaldet. Eit korpus vil vere tilpassa det originale tekstmaterialet det byggjer på, til dømes gjennom merking med ordklassar og syntaktiske strukturar.

Språkteknologisk forskning og utvikling inneber inga kommersiell utnytting av åndsverket, og bruken vil derfor ikkje kome i konflikt med dei økonomiske interessene til opphavsmannen. Forskings- og utviklingsresultata vil typisk dreie seg om statistiske opplysningar om språklege fenomen eller applikasjonar der det ikkje vil vere mogleg å kjenne att det åndsverket som danner grunnlag for forskinga.

Det har vore reist spørsmål om det er høve til å nytte pliktavlevert materiale i utviklinga av

Språkbanken. Det kom inn fire høyrings svar der dette spørsmålet er kommentert. *Nasjonalbiblioteket* støtta forslaget. *Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening* meiner utviding ut over det som følgjer av åndsverklova §§ 16 og 16a, ikkje burde støttast. *Den norske Forfatterforening* synest forslaget er fornuftig, så framtidige tekstane ikkje kan identifiserast. *Universitetet i Oslo – Institutt for lingvistik og nordiske studium* meiner at det ikkje er nok at berre Språkbanken får høve til å nytte det pliktavleverte materialet til sitt korpus.

Departementet meiner at det digitale pliktavleverte materialet kan nyttast som grunnlagsmateriale for språklege korpus som kan inngå i Språkbanken. Dette vil kunne tilføre Språkbanken store tekstmengder, noko som kan danne grunnlaget for å byggje opp språkkorpusar. Språkbanken er ein forskingsressurs som skal vere tilgjengeleg for alle som forskar på språk. Høvet til å gjere bruk av det pliktavleverte materialet i Språkbanken vil bli regulert innanfor ramma av åndsverklova i form av forskrifter som blir sende på eiga høyring.

## 12 Økonomiske og administrative konsekvensar

Kulturdepartementets forslag til lovendringar vil ha både administrative og økonomiske konsekvensar, først og fremst for Nasjonalbiblioteket, men også for private rettssubjekt som får nye plikter, dessutan rettssubjekt som ikkje har vore omfatta av ordninga tidlegare.

Endringane vil føre til auka avlevering av alle former for digitale dokument, dataspel og kringkasting. Dette vil krevje auka ressursar. Behandling av dei digitale dokumenta vil kome i tillegg til arbeid med behandling av dei fysiske eksemplara. På den andre sida kan vi rekna med ein effektiviseringsgevinst ved at Nasjonalbiblioteket ikkje treng å digitalisere papirversjonen av nye dokument, og ved at digitaliseringsressursane dermed kan prioriterast til digitalisering av historisk materiale. Nasjonalbiblioteket vil måtte gjere nokre investeringar i samband med oppdatering av teknologisk infrastruktur for å etablere eit godt fungerande nettarkiv.

Det er særleg arbeid med informasjon, oppsporing og inndriving av digitale filer som kan ventast å føre til noko auke i nettokostnadene for Nasjonalbiblioteket.

Private rettssubjekt avleverer allereie etter gjeldande lov både digitale og fysiske dokument. Kostnadsauken for dei private rettssubjekta vil derfor vere minimal.

Det vil måtte reknast med nokre kostnadar til å etablere ei nemnd for å behandle avslag på søknadar om klausulering eller sletting av dokument som inneheld personopplysningar. Dette er ein sikringsventil, og vi ventar ikkje at nemnda vil få noka stor arbeidsbør.

Føresegna om klausulering og sletting av dokument i nettarkivet og etablering av ei nemnd vil ha nokre administrative konsekvensar for Nasjonalbiblioteket. Ut over dette har forslaget ingen vesentlege administrative konsekvensar.

## 13 Merknader til paragrafane i lovforslaget

### *Til § 3:*

Framlegget endrar dokumentomgrepet slik at definisjonen blir tilsvarende den i arkivlova, forvaltningslova og offentleglova.

### *Til § 4:*

Føresegna slår fast at alle dokument som er tilgjengelege for allmenta, uavhengig av format og medium, både fysiske og digitale, skal avleverast i den forma dokumenta er tilgjengeleggjorde i. Nasjonalbiblioteket kan dessutan krevje å få avlevert det digitale grunnlagsmaterialet, der dette finst, saman med originalformatet.

Føresegna fastset også ei øvre grense for kor mange eksemplar som kan krevjast avlevert, og ho opnar for at departementet kan gi forskrift om talet på eksemplar av dei ulike formata. Det er opp til Nasjonalbiblioteket å vurdere kor mange eksemplar det er behov for å avlevere, avgrensa oppover til sju eksemplar. Kven som skal få dei avleverte eksemplara til samlinga si, reglar for bruken av det digitale materialet og korleis dei avleverte eksemplara skal forvaltast, vil bli regulert i forskrift.

### *Til § 4 a:*

Føresegna i første ledd regulerer høvet til å samle inn (hauste) allment tilgjengeleg norsk materiale som er gjort tilgjengeleg gjennom elektronisk kommunikasjonsnett. Primært vil dette gjelde informasjon som er gjort tilgjengeleg gjennom Internett, men også anna materiale som er gjort allment tilgjengeleg gjennom elektronisk kommunikasjonsnett, vil kunne samlast inn, i dei tilfella der innsamling er ei meir praktisk løysing for både den som er omfatta av avleveringsplikta og den som skal samle inn. Det følgjar av § 3 kva som skal til for at eit dokument er gjort tilgjengeleg for allmenta. Nettsider som nyttar ein «Robots Exclusion Protocol», skal reknast som allment tilgjengelege.

I andre ledd går det fram at passordverna digitale dokument ikkje skal samlast inn. Dokument som er passordverna, skal ikkje reknast som allment tilgjengeleg. Unntaket er passordverna

dokument som ville bli vurdert som allment tilgjengeleg dersom innhaldet hadde vore utgitt i anna format, til dømes på papir. Desse digitale dokumenta er omfatta av avleveringsplikta sjølv om dei er verna med passord. I tillegg må kven som helst kunne få tilgang til informasjonen, anten gjennom betaling eller registrering. Nasjonalbiblioteket må i samarbeid med eigaren av sida vurdere kva for informasjon som kan reknast som allment tilgjengeleg. Døme på informasjon frå passordverna sider som vil vere avleveringspliktig, er medlemsblad der ein må logge seg inn for å lese, dessutan informasjonssider og betalingsløyningar som enkelte nettaviser har. Det kan også gjelde nettbaserte læreverk eller oppgåver og liknande frå utdanningssektoren.

Avleveringsplikt vil ikkje omfatte til dømes lukka medlemsprofilar, lukka fora eller medlemslister. Passordverna sider, som ein må vere involvert for å få tilgang til, vil ikkje bli rekna som allment tilgjengelege og dermed heller ikkje vere omfatta av avleveringsplikta. Det kan av omsyn til kulturvernet vere interessant å lagre sider som er passordverna, men ikkje omfatta av avleveringsplikta, til dømes sider som inneheld personopplysningar. Nasjonalbiblioteket kan da inngå avtale med eigaren av sida eller den personopplysningsgane gjeld, om at sida kan samlast inn og lagrast. Det er ein føresetnad at slik innsamling skjer etter uttrykkeleg og informert samtykke, primært gjennom avtale med eigaren av sida eller den personopplysningsgane elles gjeld. Denne avtalen må gjerast i samband med innsamlinga. Han kan ikkje gjerast som ledd i den registreringa som er nødvendig for å kunne ta ei side i bruk.

Føresegna i tredje ledd er også heimel for framstillinga av eksemplar som er nødvendige for å kunne samle inn informasjon frå elektroniske kommunikasjonsnett.

### *Til § 4 b:*

Paragrafen regulerer korleis personopplysningar i det digitale nettarkivet skal behandlast. Informasjon som er lagra i nettarkivet, skal etter første ledd som hovudregel ikkje slettast.

Av omsyn til den opplysningane gjeld, opnar føresegna for at vedkomande kan knyte ein merknad til eigne personopplysningar som er lagra i nettarkivet. I dette ligg også ein rett til å krevje at Nasjonalbiblioteket gjer eit søk i arkivet sitt for å lokalisere det aktuelle dokumentet der personen er omtala.

Paragrafen opnar for at det i særskilde situasjonar kan søkjast om at informasjon om ein sjølv kan klausulerast eller slettast. Nasjonalbiblioteket, som er ansvarleg for nettarkivet, skal vurdere søknaden etter kriteri i andre, tredje og fjerde ledd. Nasjonalbibliotekets avgjerd vil vere eit enkeltvedtak etter lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

Informasjon som er gjord allment tilgjengeleg ved ein feil, kan eigaren av dokumenta eller den som opplysningane gjeld, krevje klausulert eller sletta etter paragrafens andre ledd. Dette vil typisk vere informasjon som er meint å vere intern i ein organisasjon, men som ved ein feil er blitt gjord allment tilgjengeleg i ein kort periode. Dersom informasjonen er blitt spreidd etter at tilgjengelegginga er blitt oppdaga, skal ein vurdere om den konkrete sida skal bevarast for ettertida.

Informasjon frå private heimesider, til dømes bloggar, kan eigaren av sida etter tredje ledd krevje klausulert eller sletta dersom informasjonen ikkje har vore spreidd utanfor ein lukka krets og informasjonen aldri var meint å bli gjord allment tilgjengeleg. Informasjon som ikkje allereie er allment kjend, og som er lagd ut av ein tredjeperson utan samtykke, kan ein også krevje klausulert eller sletta.

Sjølv om det dreier seg om innsamling av materiale som er publisert offentleg, vil det vere ein fare for at dei som har publisert materialet angrar, eller at opplysningar som ikkje burde ha blitt publiserte, likevel har blitt publiserte. Det må finnast mekanismar for å vareta personvernet i slike situasjonar. Informasjon som privatpersonar har lagt ut om seg sjølv på Internett, kan ein i særskilde tilfelle krevje klausulert eller sletta dersom det vil vere til vesentleg ulempe for den opplysningane gjeld, at informasjonen blir oppbevart til forskingsformål. Når ein vurderer kva som skal reknast for vesentleg ulempe, skal ein leggje vekt på synspunkta til den registrerte. Synspunkta til den registrerte må vegast opp mot den samfunnsinteresse som ligg i at nettsida blir bevart for ettertida. Når ein vurderer om informasjonen skal klausulerast eller slettast, skal det mellom anna leggjast vekt på i kva grad informasjonen er spreidd på annan måte. Den som krev klausulering eller

sletting, må vise til kva for personopplysningar og ytringar i konkrete enkeltdokument det gjeld.

Informasjon som ikkje er allment kjend, og som gjeld barn under 18 år eller personar under verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne, skal alltid klausulerast eller slettast på førespurnad. Barn over 12 år skal høyrast i saka dersom dette er nødvendig. Dersom det i spørsmål om klausulering eller sletting er usemje mellom ein mindreårig og verja til vedkomande eller mellom verja og ein person som er sett under verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne, skal dokumentet klausulerast, og ein skal vurdere saka på nytt når personen har blitt myndig. Dersom personen var mindreårig eller under verjemål på det tidspunktet informasjonen gjeld, er det dette som avgjer om ein kan krevje at informasjonen blir sletta eller klausulert. Dette inneber til dømes at informasjon som stammar frå den tida personen var mindreårig eller under verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne, kan krevjast klausulert eller sletta sjølv etter at personen har blitt myndig.

Avslag på søknad om klausulering eller sletting kan etter femte ledd påklagast til ei særskild nemnd. Samansetjinga av nemnda og nærare reglar om saksbehandlinga vil bli regulert i forskrift.

#### *Til § 4 c:*

Paragrafen regulerer tilgangen til nettdokument som er lagra i det digitale nettarkivet. Tilgang til nettarkivet skal etter første ledd som hovudregel berre givast til bruk for forskning og dokumentasjon. Andre ledd fastset at for private nettsider og sider som ikkje har nokon ansvarleg redaktør, og som inneheld personopplysningar, skal berre forskarar få tilgang etter søknad. Dei som får forskartilgang, skal få dette på ein særskild terminal i lokala til Nasjonalbiblioteket. Tilgang til klausulert materiale skal etter tredje ledd givast etter vilkår i avtalen med den som har kravd klausulering. Klausuleringsavtalen vil ofte vere gjord med den som personopplysningane gjeld, men kan også vere gjord med den som eig dokumenta. Døme på situasjonar der eigaren av dokumenta kan krevje klausulering, er at dokumenteigar (til dømes ein institusjon eller ein bloggar) har offentliggjort personopplysningar om andre, som inneheld feil.

Fjerde ledd fastset at nærare føresegner om tilgang til det materialet som er innsamla med heimel i paragraf 4 c, vil bli regulert i forskrift.

Tilgang til innsamla materiale som er opphavsrettsleg verna, vil bli regulert i lov 12. mai 1961



nr. 2 om opphavsrett til åndsverk (åndsverkloven) med forskrifter.

*Til § 5:*

Pliktavleveringslova § 5 gjeld avlevering av kringkastingsmateriale. Lova § 5 første ledd er endra, slik at vilkåret om krav til konsesjon er fjerna.

Endringa inneber at det ikkje er eit krav om at det er gitt konsesjon til kringkastar for at eit kringkastingsprogram skal vere omfatta av avleveringsplikta. Alle kringkastarar som sender radio eller fjernsynprogram frå Noreg, vil omfattast av plikta til å avlevere det som blei kringkasta. Nasjonalbiblioteket kan også krevje avlevering av sendingar særskilt retta mot Noreg frå utlandet. Til dømes vil TV3 og TVNorges tilleggskanalar vere omfatta av avleveringsplikta. Det er i desse tilfella TV-distributørane som er pålagde avleveringsplikt, sidan det er TV-distributørane som gjer sendingane tilgjengelege i Noreg, og er å rekne som importør etter pliktavleveringslova § 3.

Avleveringsplikta gjeld for dei som driv med kringkasting og fjernsyn, slik desse omgrepa er definerte i kringkastingslova<sup>1</sup> § 1-1 bokstavane a og c. Dette inneber mellom anna at kringkasting som skjer via Internett (direktesend nett-TV),

også vil vere omfatta av avleveringsplikta. Kringkastarar og Nasjonalbiblioteket står fritt til å avtale andre avleveringsformer, til dømes automatisk innsamling av sendingane.

*Til iverksetjingsføresegna:*

Endringslova skal etter framlegget gjelde frå den tida Kongen fastset.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

at Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (innsamling av digitale dokument m.m.).

---

<sup>1</sup> Lov av 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (innsamling av digitale dokument m.m.) i samsvar med eit framlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om endringer i lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (innsamling av digitale dokument m.m.)

### I

I lov 9. juni 1989 nr. 32 om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument skal desse endringane gjerast:

Tittelen på lova skal lyde:

Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (*pliktavleveringslova*)

§ 3 andre strekpunkt skal lyde:

Dokument: *ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lyding, framsyning, overføring eller liknande.*

§ 4 første ledd skal lyde:

*Både fysiske og digitale dokument som er gjorde tilgjengelege for allmenta skal avleverast i inntil sju eksemplar. Digitale grunnlagsdokument kan krevjast avleverte i tillegg til utgjevingsmedium.*

§ 4 tredje ledd skal lyde:

Kongen kan gjera unnatak frå eller avgrensa avleveringsplikta og gje særskilde føresegner om *talet på eksemplar*, kva form eller kvalitet avleveringseksemplar skal ha, og om kva opplysningar som skal følgja dokumentet.

Ny § 4 a skal lyde:

*§ 4 a Innsamling av digitale dokument*

*Norsk materiale som vert gjort allment tilgjengeleg gjennom elektronisk kommunikasjonsnett, kan samlast inn.*

*Digitale dokument som er verna med passord, skal ikkje samlast inn eller avleverast. Unnataket er dei tilfella der det passordverna dokumentet ville ha vore omfatta av avleveringsplikt om det vart utgjeve i eit anna format. Passordverna dokument som ikkje er omfatta av avleveringsplikta, og som inneheld personopplysningar, kan samlast inn eller avleverast dersom den personopplysningane gjeld, har gjeve eit uttrykkjeleg og informert samtykke.*

*Når det er naudsynt for å gjennomføra digital innsamling, kan det framstillast nye eksemplar uavhengig av åndsverklova.*

Ny § 4 b skal lyde:

*§ 4 b Handsaming av personopplysningar i det digitale nettarkivet*

*Informasjon som er lagra i nettarkivet, skal som hovudregel ikkje slettast. Personar kan knyta merknader til personopplysningar om dei sjølv som er lagra i nettarkivet.*

*Eit digitalt dokument som er lagra i det digitale nettarkivet og som inneheld personopplysningar, kan krevjast klausulert eller sletta dersom informasjonen er gjord allment tilgjengeleg ved ein feil.*

*Eit digitalt dokument som er lagra i det digitale nettarkivet, som er utgjeve utan ansvarleg redaktør, og som inneheld personopplysningar, kan likevel krevjast klausulert eller sletta dersom eit eller fleire av vilkåra nedanfor er oppfylte:*

- a) *Informasjonen ikkje har vore spreidd utanfor ein lukka krins og informasjonen aldri var meint å verta gjord allment tilgjengeleg.*
- b) *Informasjonen er lagd ut av ein tredjeperson utan samtykke og den omtalte sjølv ikkje har gjort informasjonen allment kjend.*
- c) *Det vil vera til vesentleg ulempe for den opplysningane gjeld, at informasjonen blir oppbevart til forskingsføremål.*

*Informasjon som ikkje er allment kjend, og som omhandlar mindreårige eller personar som er sette under verjemål, skal på førespurnad klausulerast eller slettast.*

*Avslag på ein søknad om klausulering eller sletting kan påklagast til ei særskild nemnd. Kongen gjev føresegner om ei slik nemnd.*

Ny § 4 c skal lyde:

*§ 4 c Tilgang til det digitale nettarkivet*

*Det digitale nettarkivet kan nyttast til forskning og dokumentasjon.*

*Digitale dokument i nettarkivet som er utgjevne utan ansvarleg redaktør, og som inneheld personopplysningar som ikkje er allment kjende, skal etter*

*søknad berre gjerast tilgjengelege for forskarar på særskilde terminalar hos Nasjonalbiblioteket.*

*Klausulerte digitale dokument i nettarkivet kan berre gjerast tilgjengelege etter særskild avtale.*

*Kongen gjev føresegner om tilgang til det digitale nettarkivet. Føresegnene i åndsverklova gjeld for tilgang til materiale som er verna med opphavsrett.*

§ 5 første ledd skal lyde:

Avleveringsplikt kan påleggjast utgjevar, produsent og importør av dokument som vert gjort tilgjengeleg for *allmenta*.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

---

---